



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Lærdal

Møtedato: 30.04.2010

Tid: 10:00

1000 oppmøte

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av referat frå møte 12.02.10

Ordførar Arne Sanden ønskjer velkomen

1015 Handsaming av saker

1200 Lunsj

1300 framhald handsaming av saker

Politimeister Johan Brekke vil orientere rådet om aktuelle saker jf. og uttale frå rådet om politiorganiseringa i kommunane februar 2010. Det er avsett vel ½ time til orienteringa, tidspunktet vert tilpassa politimeisteren sin reiserute.

Sakliste

Saksnr. Arkivsaksnr.

Tittel

8/10

08/2078-16

Regionalplan for Sogn regionråd, strategi-tiltak for 2010 grunnlag for samarbeidsavtale med fylkeskommunen

9/10

09/673-3

Årsmelding og rekneskap for Sogn regionråd - 2009

10/10

09/921-7

Sats på skulen - snu Sogn - utviding med barnehage og entreprenørskap i perioden 2010 - 2012

11/10

10/1005-2

Reiselivsplan for Sogn og Fjordane - høyring

- 12/10** 10/1385-1
Miljøfyrtårnordninga
- 13/10** 10/1388-2
Global Futures -integreringsprosjekt for høgt utdanna innvandrara
- 14/10** 10/1394-2
Koordineringsrådet, rammeavtale - samansetjing av rådet
- 15/10** 10/239-3
Orienteringssaker 30.04. 2010
- 16/10** 10/1386-2
Prosjektstøtte - fagrettleiarstilling ved pakkeria i Sogn
- 17/10** 10/1387-2
Reisen til fjordens indre - skifilm frå Sogn

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 08/2078

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
8/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 8/10

Regionalplan for Sogn regionråd, strategi-tiltak for 2010 grunnlag for samarbeidsavtale med fylkeskommunen

Tilråding:

Tiltaksplan for 2010 vert oppretta i samsvar med dei tiltak som er vidareførte frå 2009 og som er vedteke sett i gang for 2010 jf saksutgreiinga.

Oppretta plan vert oversendt fylkeskommunen som grunnlag for samarbeidsavtale for 2010.

Vedlegg:

Strategiplan del 1 2009 -2012 uprenta

Strategiplan del 2 tiltaksplan 2009 – 2012 uprenta

Tiltak for 2009 uprenta

Årsrapport for bruk av regionale utviklingsmidlar 2009

Utkast til samarbeidsavtale med fylkeskommunen for 2010

Saksutgreiing

Tiltaksplanen skal rullerast årleg. På ordførarkonferansen på Vatnahalsen i mars vart tiltak for 2010 drøfta. Utgangspunktet for drøftingane var tiltaksplan 2009 i den vedlagde planen er prosjekta kommenterte i høve til om dei er avslutta eller vert vidareført, sjå kommentarar i farge.

Nye prosjekt som er vedteke følgd opp for 2010:

- GIS, VA-analysar
- Geodataprojektet, fylkesomfemnande prosjekt vert organisert frå Sogn og Fjordane via Sogn regionråd til Statens kartverk Hordaland
- Interkommunalt byggjetilsyn, samordning med prosjektet Sogn brannvern, vert vurdert i april-mai
- Interkommunalt friluftsråd, søknad inne hjå fylkeskommunen/DN

Desse prosjekta vert vidareført i 2010:

Infrastruktur

- Bestilla analyse av moglegheitene for veg Trondheim – Bergen gjennom Sogn, drøfting med vegkontoret

Helse

- Samhandlingsreforma, vert handsama i Stortinget 27. april 2010, rådet tek då opp dei utfordringar som er aktuelle for regionen.
- Helse Førde sin strategiplan er lagt ut på høyring i mars 2010, kommunane uttalar seg direkte til helseføretaket jf avklaring om dette på ordførarmøte 09.03.10

Entreprenørskap

- Oppretta møteplassar for næringslivet (verksemdene) ved å bli samarbeidspart i den årlege næringslivskonferansen i fylket, samarbeid med HSF og Sogn næring

Fleire verksemdar

- Uttale til fylkeskommunen sin reiselivsplan, april 2010
- Gje innspel til fylkeskommunen sin årlege rullering av reiselivsprogrammet 2009-2012
- Søkja om å utvida dei nasjonale turistvegane Gaularfjellet og Aurlandsfjellet til å omfatta ferjestrekningane Balestrand – Hella - Fjærland og Lærdal - Kaupanger- Gudvangen Søknad gjennomført, dep. sitt svar negativt, vidare arbeid 2010

Breiband

- Sogn regionråd bidreg til å samordna utbygginga av breibandløftet 4 i regionen, ny strategi for 2010, dagleg leiar deltek i breibandforum

Sogndal si rolle som regionsenter

- Regionsenterkonferanse for politikarar, næringslivet, forskingsinstitusjonar, høgskulen mva. Konferansen vert halde hausten 2010, opplegg skal drøftast på rådet sitt møte juni 2010

Regionrådet si vurdering var at dette var ei høvesvis omfattande prosjektkatalog for 2011 i tillegg til andre saker som kjem opp i året.

Samarbeidsavtalen mellom regionråda og fylkeskommunen skal fornyast årleg. Frist for innsending av utkast til avtale var 1. april. Dagleg leiar sende då ut eit utkast til fylkeskommunen. Det er venta at kommentar frå fylkeskommunen ligg føre før møtet 30. april.

Regionrådet fekk i 2009 kr 550 000 i tilskot til regionale utviklingsmidlar.

Regionalplan for Sogn regionråd

Del 2: Tiltaksplan for 2009 med utkvittering av tiltak dette året



12. juni 2009

Felles bu- og arbeidsmarknad

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad/gjennomført
Kommunikasjon Vegutbetring på strekningane Vik- Vangsnes, Dragsvik – Balestrand og Hella-Leikanger	Samferdslegruppa	2009	Rådet sitt innspel til fylkesvegplanen
Kollektivtilbod – Pendlarbuss Årdal – Leikanger med kopling frå Luster og Lærdal – Halvtimes avgangar på dagtid på strekningane Dragsvik – Hella – Vangsnes – Nattferjer på strekningane Dragsvik – Hella - Vangsnes	Samferdslegruppa	2009	Rådet sitt innspel fylkesvegplanen, Fjord 1 avslag INO midlar for 2009 Ferjestrekningane, her er det foresett at dei som er berørde direkte følgjer opp saka

Helse

Tiltak vil bli vurdert etter at stortingsmeldinga om samhandlingsreforma er handsama, jf regionalplan for Sogn regionråd 2009-2012 del 1 strategiplan pkt 3.2.

Samhandlingsreforma vert handsama i Stortinget 26. april 2010, rådet tek då opp dei utfordringar som er aktuelle for regionen.

Helse Førde sin strategiplan er lagt ut på høyring i mars 2010, kommunane uttalar seg direkte til helseføretaket jf avklaring om dette på ordførarmote 9.03.10

Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Infrastruktur			
– Utvida arbeidsområdet til flyplassgruppa til å bli samferdselsgruppe	Sogn regionråd	2009	ok
– Bestilla ei analyse av mogleghetene for veg Trondheim – Bergen gjennom Sogn	Sogn regionråd	2009	Drofta på møte i 2009, oppfølging avklara på ordførarmøte 10.03.10
Entreprenørskap			
– Oppretta møteplassar for næringslivet (verksemdene) ved å bli samarbeidspart i den årlege næringslivskonferansen i fylket	RUP-gruppa/Dagleg leiar	2009	Samarbeid med HSF via Sogn næring
– Bistå dei årlege entreprenørskapsmessene i kommunane i regionen gjennom prosjektet Sats på skulen – snu Sogn og støtta entreprenørskapsarbeidet på skulane (kurs for lærarar og entreprenørskapstiltak på skulane)	Prosjektleiar Sats på skulen – snu Sogn	2009	Kr 380 000 ok
Rekruttering			
– Gje tilskot til rekrutteringssamlingar i Oslo, Trondheim og Bergen	Sogn regionråd	2009	Kr 50 000 ok
Fleire verksemdar			
– Gje omstillingsmidlar til forskingsstasjonen på Njøs	Sogn regionråd	2009	Kr 200 000 ok
– Gje tilskot til felles marknadsføring i reiselivet	Sogn regionråd	2009	Kr 240 000 ok
– Gje innspel til fylkeskommunen sin årlege rullering av reiselivsprogrammet 2009-2012	Sogn regionråd – tilråding frå reiselivsgruppa	2009	Planen er utsett til 2010
– Oppretthalde reiselivsgruppa	Sogn regionråd	2009	ok
– Søkja om å utvida dei nasjonale turistvegane Gaularfjellet og Aurlandsfjellet til å omfatta ferjestrekningane Balestrand – Hella - Fjærland og Lærdal - Kaupanger- Gudvangen	Sogn regionråd	2009	Søknad gjennomført, dep. Sitt svar negativt, Vidare arbeid 2010
– Gjennomføra forprosjektet Leidang Kystled Sognefjord og vurderer evt.hovudprosjekt	Sogn regionråd	2009	Kr 230 000 Ok, prosjektet går ikkje

				vidare i regionrådet sin regi
Breiband – Sogn regionråd bidreg til å samordna utbygginga av breibandløftet 4 i regionen	Rådmannsgruppa og dagleg leiar	2009-2010	ok	

Sogndal si rolle som regionsenter


Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Regionsenterkonferanse for politikarar, næringslivet, forskingsinstitusjonar, høghskulen mva.	Samarbeid mellom Sogndal kommune og Sogn regionråd	2009	Konferansen vert halde hausten 2010 jf drofting ordførarmøte 10.03.10 og sak i juni 2010

Utdanning, skule og kompetanse

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Grunnskule – Gjennomføra tiltaka i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn", jf utviklingsprogrammet 2006-2012 og vedtekne handlingsplanar	Sogn regionråd	2009	Kr 575 000 (for 2009) ok
– Gje tilskot til det regionale ungdomsnettverket for gjennomføring av aktivitetar retta mot ungdom, jf aktivitetsplanen 2009-2010	Sogn regionråd	2009	Avsette fondsmidlar ok



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Sogn regionråd

Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd

Gjennomføring av regionalt utviklingsprogram for Sogn regionråd - 2010

1. Mål

Overordna mål for samarbeidsavtalen er ei samordna planlegging og gjennomføring av regionalt utviklingsprogram for Sogn regionråd. Og såleis setje i verk tiltak for ei god regional nærings- og samfunnsutvikling i regionen. Regionalt utviklingsprogram gjeld for Sogn regionråd på vegne av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik.

Innanfor råma til fylkesplanen og regionalplan for Sogn, skal samarbeidsavtalen peike ut satsingsområde og tiltak i regionen.

Kommunane har gjennom regional plan for Sogn regionråd definert mål, delmål og strategiar som skal vere grunnlaget for samarbeid i regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd forpliktar seg til å samarbeide om gjennomføring og finansiering av konkrete tiltak slik det får fram av denne avtalen.

2. Prosess

Sogn regionråd har vedteke strategiplan for perioden 2009 – 2012, planen har ein del 2 for tiltak og ein tiltaksplan for 2009. Tiltaksplanen for 2010 er drøfta på orsdførarkonferanse 12. februar og skal opp på regionrådet sitt møte 30. april d.å. desse dokumenta referat er lagt ved avtalen.

3. Innhald i avtalen for 2010


Som førebels orientering er desse tiltak prioritert i 2010:

Helse

- Samhandlingsreformen jf Stortingsvedtak april 2010

Felles bu- og arbeidsmarknad, infrastruktur

- Flyplass , røynsle frå mellombels endra struktur mellom Sogndal – Sandane – Ørsta i 2010
- Innspel ny konsesjonsrunde Samferdselsdepartementet-Avinor



- Vegprosjektet Trondheim- Stavanger/Bergen oppfølging

Næringsutvikling - Reiseliv

- Støtte til Visit Sognefjord, samarbeid med reiselivsgruppa
- Støtte til båt rute Nærøyfjorden og Fjærland
- Støtte til Njøs forskingsstasjon
- Rådet deltek i breibandsamarbeidet med dagleg leiar som representant i arbeidsgruppen, strategiar er no - - (dette er under drøfting)

Entreprenørskap

- Entreprenørskapsmessa for ungdomskuletrinnet 22. april i Aurland, del av prosjektet sats på Skulen
- Arbeid med fylkesomfemnande entreprenørskapsmess/NHO og entreprenørskapsmessa knytt til skuleprosjektet
- Deltaking i samarbeid om HSF sin næringslivskonferanse - - -2011

Rekruttering

- Deltaking på Framtidsfylket sin messer Oslo, Trondheim og Bergen som vert følgd opp med utvikling av arbeidet mellom kommunane når det gjeld rekruttering, eigen rapport om dette til rådet

Konferansar

- Regionsemterkonferansen skal avholdast hausten 2010

Tenestesamarbeid ulike prosjekt

Det er søkt om delstøtte til desse prosjekt:

- Interkommunale tenesteportalar, framhald frå igangverande arbeid og utvikling med VA registreringar
- Interkommunalt byggjetilsyn, vert kopla med prosjektet Sogn brannvern
- Geodataprojektet, gjeld Hordaland og Sogn og Fjordane, Sogn og fjordane si deltaking/finansiering vert styrt gjennom Sogn regionråd
- Interkommunalt friluftsråd oppfølging fylkesdelplan for friluftsliv og idrett
- Sats på skulen – snu Sogn vert utvida til tilsvarende satsing på barnehage, heile prosjektet har prosjektperiode frå 2006 – 2012

4. Budsjett og finansiering


Tenestesamarbeidet har delfinansiering med inntil 50 % frå fleire kjelder som KS og fornyingsmidlane.

Budsjett for prosjekta vert lagt opp til rådet sitt møte 30. april.

5. Profilering



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**



Sogn regionråd

Partane skal synleggjere at aktiviteten som er omfatta av denne avtalen er ei felles satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd.

6. Rapportering og evaluering

Sogn regionråd skal sende årsrapport for 2010 til fylkeskommunen innan 15. februar 2011. Alle tiltak som vert sett i verk i regi av utviklingsprogrammet skal sluttrapporterast /evaluerast. Sluttrapportar skal leggjast ved årsrapporten.

Regionrådet skal sende alle møteinnkallingar og møtereferat til fylkeskommunen til orientering.

7. Utbetaling

Utbetaling av midlar for 2010 skjer når avtalen er underskriven av begge partar.

8. Tvistar

Usemje som relaterer seg til administrasjon og koordinering vert å løyse på leiarnivå i samarbeidsorganisasjonane.

Leikanger

Lærdal 30. april 2010

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn regionråd

**Jan Heggheim
Fylkesdirektør**

**Torodd Urnes
leiar**

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 09/673

Arkiv: 210 &14

Saksnr.: Utval
9/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 9/10


Årsmelding og rekneskap for Sogn regionråd - 2009

Tilråding:

Vedlegg:
Årsmeldinga for 2009

Saksutgreiing:
Årsmelding og rekneskap for Sogn regionråd for 2009 vert godkjend med desse merknader:

Årsmelding og rekneskap 2009



Sogn regionråd

Aurland kommune
Balestrand kommune
Leikanger kommune
Luster kommune
Lærdal kommune
Sogndal kommune
Vik kommune
Årdal kommune

April 2010

Innhald

1	Sogn regionråd	3
1.1	Møte og deltaking.....	3
1.2	Arbeidsgrupper.....	3
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat.....	3
2	Aktivitetar i 2009	4
2.1	Skule.....	4
2.2	Reiseliv.....	5
2.3	IKT.....	5
2.3.1	Fellesordningar i Sogn regionråd.....	5
2.3.2	GIS-prosjekt.....	6
2.3.3	IKT-samarbeid for ÅLAV og BLLS.....	6
2.3.4	Rekruttering.....	7
2.4	Næringsutvikling.....	7
2.5	Barnevern.....	7
2.6	Helse.....	7
2.7	Flyplass.....	7
2.8	Regionalplan for Sogn regionråd.....	8
2.9	Samarbeidsfora under Sogn regionråd.....	8
2.9.1	Rådmannsgruppa.....	8
2.9.2	Regionalt ungdomsnettverk.....	8
2.10	Orienteringar og gjesteforedrag.....	8
2.11	Fråsegner frå Sogn regionråd.....	9
3	Rekneskapsoversyn - Sogn regionråd	9
3.1	Bruk av fondsmidlar.....	10

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er ein interkommunal samanslutnad etter kommunelova § 27 og hadde i 2009 kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal som medlemmer.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet, og rådet har slik samansetjing:

Sogndal kommune, Jarle Aarvoll (leiar)
Luster kommune, Torodd Urnes (nestleiar)
Aurland kommune, Olav Ellingsen
Balestrand kommune, Einar Målsnes
Leikanger kommune, Olav Lunden
Lærdal kommune, Arne Sanden
Vik kommune, Marta Finden Halset
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

I møtet 5. desember 2008 vart Jarle Aarvoll vald til leiar og Torodd Urnes vart vald til nestleiar for 2009.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i fast stilling. Stillinga er formelt sett lagt til administrasjonen i Sogndal kommune under eininga fag og utvikling. Avtalen med Sogndal kommune er gyldig ut 2010.

Sogn regionråd hadde 5 møte:

24. april, Leikanger
12. juni, Sogndal
4. september, Balestrand
23. oktober, Sogndal
4. desember, Vik

Det vart handsama 26 saker i løpet av året.

1.2 Arbeidsgrupper

Retningslinjer for arbeidsgrupper vart vedteke i 2008. Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde, og har ikkje vedtaksmynde. Det var i 2009 fire arbeidsgrupper med følgjande møteaktivitet:

- Samferdselsgruppa/flyplassgruppa (2 møte)
- Helsegruppa (2 møte)
- Reiselivsgruppa (2 møte)
- RUP-gruppa (3 møte).

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapan for 2009 vert revidert som ein del av rekneskapan i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 6 585 509. Av desse utgjer eksterne midlar kr 2 150 000 og refusjon frå kommunane kr 4 188 243.

Netto driftsresultat er kr 357 969.

Det er brukt kr 1 261 158 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 903 188 er avsett til fond.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer 94 452 i 2009, og er avsett til fondsmidlar kontingent. Meirverdiavgiftkompensasjonen som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal kommune i samsvar med avtalen og utgjer kr 90 073 i 2009.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar er vedlegg som punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2009

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2009-2012". Planen tek utgangspunkt i regionale utfordringar som: Folketalsutvikling, sysselsetting, pendling, levevilkår og har desse satsingsområda: Felles bu- og arbeidsmarknad, helse , næringsutvikling, regionsenterrolla, utdanning/kompetanse.

Også for 2009 hadde Sogn regionråd ein samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Målet med avtalen er å samordna planlegging og gjennomføring av regionalplanen for Sogn.

2.1 Skule

Prosjektperioden for "Sats på skulen – snu Sogn" er 2006-2012. Målet er:

Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen

I 2009 har programstyret hatt sju møter. Dei viktigaste oppgåvene har vore vitjing hjå fem av kommunane i rådet. Besøka i kommunane har vore eit dialogmøte mellom programstyret og politikarar, administrasjon, skuleleiarar og tillitsvalde. Hovudtema har vore kommunane sitt arbeid med skuleeigarrolla, i tillegg til at kommunane har presentert ulike satsingsområde og skuleutviklingsprosjekt. Regionrådet arrangerte ein temadag 12. juni om skuleeigarrolla. Der deltok om lag 40 politikarar, rådmenn, rektorar, pedagogiske rådgjevarar og hovudtillitsvalde. Eva Lian, direktør i KS Utdanning opna med eit innleiingsforedrag; "Skuleeigarrolla".

I 2009 vart det arbeidd med ein ny modell for vidareutvikling av fagnettverk til læringsnettverk. Satsingsområdet er dei tre gjennomgåande faga frå barneskule til vidaregåande skule; norsk, matematikk og engelsk. Det var kommunane Sogndal, Luster og Vik som kom i gang med implementering av den nye modellen i 2009.

Prosjektet gjennomførte den første entreprenørskapsmesse i Balestrand 9. februar 2009. Her deltok elevane i ungdomsskulen på kurs, i tillegg til at elevverksemdene synte fram det dei

hadde arbeidd med i det siste skuleåret. Entreprenørskapsmessa var ei viktig vidareutvikling av prosjektet, og ei godt grep i konkretisering av entreprenørskapsarbeidet på skulane. Samarbeidet med stiftinga Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane var avgjerande for at vi kunne arrangere ein slik elevaktiv messe. Lærarane og elevane gav gode attendemeldingar etter messa. Frå hausten av byrja arbeidet med planlegging av messa for skuleåret 2009 – 2010.

Sats på skulen har prosjektleiar i full stilling.

Prosjektet har tre delprogram:

- **Kompetanseheving for skuleleiarar**
Kull 1 (28 deltakarar) avslutta våren 2009 ei toårig vidareopplæringa i skuleleiing. Kull 2 (17 deltakarar) starta hausten 2008, og blir ferdige våren 2010.
- **Vidareutvikling av dei faglege nettverka**
Ein plan for arbeid i faglege nettverk og vidareutvikling av desse er utarbeidd og teke i bruk i tre av kommunane. Etterutdanningskurs i entreprenørskap er gjennomført.
- **Kommunane som skuleeigar**
Måldokument for det å vere skuleeigar i Indre Sogn er utarbeidd. Med utgangspunkt i dokumentet prioriterer alle kommunane tiltak innan 1.1.09.

Prosjektet er finansiert av statlege midlar, OU-midlar frå KS og våre RUP-midlar (regionale utviklingsprosjektmidlar). Vi fekk 200 000 kr frå Kunnskapsdepartementet til prosjektet, der halvparten av tilskotet var øyremerkt entreprenørskapsarbeidet.

Hausten 2009 vart det i prosjektet også arbeidd mykje med å utvikle prosjektet med ei satsing på dei private og kommunale barnehagane i regionen bygd på dei same tre ”beina” som skuleprosjektet med leiaropplæring, utvikling av styrarnettverk/ fagnettverk og utvikling av rolla kommunane har som barnehageeigar.

Prosjektet har og frå 2009 arbeid med ei ytterlegare konkretisering i arbeidet med satsing på entreprenørskap i barnehagar og skular.

2.2 Reiseliv

Felles marknadsføring

Sogn regionråd ga tilskot med kr 200 000 av RUP-midlane til felles marknadsføring av reiseliv i regionen gjennom Visit Sognefjord.

Reiselivsplan for Sogn og Fjordane

Regionrådet si reiselivsgruppe har delteke i referansegruppa i fylkeskommunen sitt arbeidet med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane. Planen vart ikkje ferdigstilt i året.

2.3 IKT

2.3.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Kommunenett

Kommunikasjonsnettet binder kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar. Ny anbudsrunde vart starta opp i 2009, men vert ikkje avslutta før i 2010.

GIS-løysing

Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet. Avtalen har vore under reforhandling i 2009.

Breibandutbygging

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum var Alf Olsen, Årdal kommune. Sogn har kome høvesvis langt med breibandutbygging, prosjekta er no knytt til den einskilde kommune.

IKT Helsenettverk

Digitalt nettverk mellom mellom spesialisthelsetenesta i fylket og kommunehelsetenesta kom på plass i 2009.

IKT Skulenettverk

Prosjektet vart avslutta juni 2009. Ei digital læringsplattform var då i funksjon mellom kommunane. Sogn regionråd sin representant i prosjektet har vore Sture Førre, Luster kommune.

IKT-strategi

IKT-funksjonane er i stor grad delt i Sogn regionråd mellom ÅLAV (Årdal, Lærdal, Aurland og Vik) og BLLS (Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal).

IKT-faggruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Gruppa hadde 3 møte i 2009.

2.3.2 GIS-prosjekt

Geografisk informasjonssystem (GIS)

a) Integrerte kommunale tenesteportaler fase IV

Kommunane i Sogn regionråd har etablert felles GIS-løysing med applikasjonane KomTek, KommuneGab og Gisline. I tillegg har kommunane felles web-løysing der kartdata er tilgjengeleg for publikum på www.sognekart.no.

Etablering av digitale planarkiv med tilgang til digitale reguleringsplanar vart starta opp i 2009. Vik kommune har gjennomført dette tidlegare som pilotkommune.

Vi fekk kr 550 000 av fornyingsmidlane til dette prosjektet.

Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling.

b) Plan- og temadata i Sogn og Fjordane

Hovudprosjektet varer frå 2008-2011, og gjeld heile fylket. Målet med forprosjektet var å laga ein plan for etablering, vedlikehald, forvaltning og tilgjengeleggjering av arealplan- og tematiske geodata hos kommunane. Sogn regionråd er prosjekteigar og Statens Kartverk er prosjektansvarleg. Vi fekk kr 300 000 av fornyingsmidlane til dette prosjektet.

2.3.3 IKT-samarbeid for ÅLAV og BLLS

ÅLAV og BLLS har ulike IKT strategiar, men samarbeider om nokre element, gjerne i oppstart av prosjekter. For 2009 var Nettsideprosjektet eit fellesprosjekt mellom ÅLAV og BLLS. Gjennomføring av oppbygginga av nye nettsider er eit delt prosjekt.

2.3.4 Rekruttering

Rekrutteringsmesser

Sogn regionråd deltek i Framtidsfylket AS saman med ei andre regionane, fylkeskommunen og private organisasjonar. Sogn Næring representerte regionrådet på rekrutteringsmesser i Oslo, Bergen og Trondheim.

Kompetanse- og rekrutteringsnettverk

Fleire offentlege verksemder i Sogn deltek i kompetanse- og rekrutteringsnettverk. For kommunane i Sogn regionråd deltek Bente Bakke, Sogndal kommune, i nettverket.

2.4 Næringsutvikling

Njøs Næringsutvikling

Sogn regionråd støtta omstilling og utvikling ved forskingsstasjonen på Njøs med kr 200 000 av RUP-midlane i 2009, og er innstilte på å delta i resten av omstillingsperioden.

Prosjekt Kommunal næringsutvikling

Harald Mundal, Lærdal kommune var medlem i ei samarbeidsgruppe mellom kommunane og regionalt nivå. Arbeidet var retta mot eit tettare samarbeid omkring lokal næringsutvikling. Arbeidet vart følgt opp med søknad til KRD/prosjektet lokal samfunnsutvikling i 2010, det er no løyvd midlar til vidare arbeid.

Prosjekt Leidang – Kystled Sognefjord

Sogn regionråd har samarbeida med De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum og Indre Sogn Kystlag om eit forprosjektet, finansiert med RUP midlar og støtte frå fylkeskommunen. Sogn regionråd handsama forprosjektet og vedtok å ikkje vidareføra prosjektet i eigen regi.

2.5 Barnevern

Vedtaket om felles barnevernteneste frå 2008 vart følgt opp i høve til om fleire av kommunane i rådet ville slutte seg til denne ordninga.

2.6 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta og lokalsjukehus.

Leiar i regionrådet er representert i koordineringsrådet i Helse Førde.

2.7 Flyplass

Samferdslegruppa har arbeidd med desse sakene i 2009:

- Felles innspel frå Sogn regionråd til Fylkeskommunen i samband med handlingsplan fylkesvegnettet lagt fram for fylkestinget i Loen

- Arbeid med å styrka regularitet, auka kapasitet og nattfly ved Sogndal lufthamn
- Innspel om stamvegprosjekt Bergen/Stavanger – Trondheim om Indre Sogn.

2.8 Regionalplan for Sogn regionråd

Regionrådet starta arbeidet med å revidera regionalplanen våren 2008. Regionrådet fullførte arbeidet med regionalplanen og vedtok i 2009 regionalplanen for 2009-2012 med tiltaksdel for perioden og tiltak for 2009.

RUP-gruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen. Det ligg føre eigen rapport for tiltak i året.

2.9 Samarbeidsfora under Sogn regionråd

2.9.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling mellom kommunane og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Rådmannsgruppa, alle rådmennene i regionrådskommunane har faste samlingar ei veke før kvart regionrådsmøte. Rådmennene har møte og talerett i rådet. Gruppa har elles møte i den grad det er trong for det. Rådmannsgruppa får arbeidsoppdrag frå regionrådet og organiserar det i samråd med dagleg leiar. Dagleg leiar i Sogn regionråd skriv møtereferat og deltek i fleire av gruppa sine prosjekt.

Leiar for rådmannsgruppa i 2009 var Tore Eriksen, rådmann i Luster kommune. Gruppa hadde i 2009 6 møte. Viktige saker har vore:

- Innkjøpsstenesta, ulike innkjøpsordningar m.a. ny forsikringsavtale, møte med leiar SFFI.
- Felles kommunale styringsdata knytt til NAV – kontora.
- Felles avtale Sogn folkemuseum.
- Nettsideprosjekt for alle kommunane (prosjektet er i oppfølginga delt mellom ÅLAV og BLLS)
- Sats på skulen fortløpande rapportering, drøfting vidareføring med barnehageprosjektet.
- Prosjekter
 - Interkommunalt byggjetilsyn
 - Utvida bedriftshelseteneste med omsyn på nye krav frå 2010

2.9.2 Regionalt ungdomsnettverk

Ungdomsnettverket har eigen aktivitetsplan for 2009-10, og disponerer i denne perioden kr 175 000 av fondsmidlar til aktivitetar. Ole Opheim Røthe, tenesteleiar for kultur i Leikanger kommune, er leiar for nettverket. Nettverket har hatt 3 møte i 2009. Nettverket har hatt samling med scenelyskurs for ungdomar i 2009. Det vart i 2009 utarbeida ny aktivitetsplan for 2010 -11.

2.10 Orienteringar og gjesteforedrag

Regionvegsjef Olav Ellevset og distriktssjef Nils Magne Slinde, Statens vegvesen

Direktør Eva Lian, KS

Fylkesleiar Per Hilleren og nestleiar Jon O. Nummedal, Bondelaget

Avdelingsleiar Steinar Fredheim, Distriktssenteret

Tillitsvald Terje Nordgulen, Posten

Prosjektleiarar for Leidang Marny Tønnessen og Ralph Kruger, Sogn regionråd
 Museumsdirektør Aage Engesæter
 Visit Sognefjord ved Arne Glenn Flåten og Noralv Distad

2.11 Fråsegnar frå Sogn regionråd

Sogn regionråd hadde desse fråsegnene i 2009:

- Garanti for husleige for Norsk Reiselivsmuseum til kultur- og kyrkjeminister, 30. januar
- Pendlarrute for vidaregåande skule frå Aurland og Vik til Sogndal til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 4. mars
- Akuttberedskaper i Indre Sogn til Helse Førde, 30. mars
- Nasjonale turistvegar i Nasjonal transportplan til Transport- og kommunikasjonskomiteen, 29. april
- Vegsamband Trondheim-Bergen via Sogn i Nasjonal transportplan til Transport- og kommunikasjonskomiteen, 29. mai
- Uttale til føreståande omstillingar Helse Førde. 4. desember

Vedlegg

3 Rekneskapsoversyn - Sogn regionråd

Deltakarkommunar: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Årdal, Aurland, Vik, Balestrand

	Rekneskap 2009	Revidert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2008
DRIFTSINNTEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-4 188 243	-3 946 000	-4 409 540	-4 627 804
Refusjon frå staten	-157 192			-96 070
Refusjonar frå fylkeskommunen	-150 000			-600 000
Refusjonar frå andre/private				-1 677 320
Overføringar frå staten	-1 450 000	-1 150 000	-1 990 000	-1 890 000
Overføringar frå fylkeskommunar	-550 000	-800 000	-550 000	-20 000
Overføringar frå andre			-900 000	-7 000
Mva kompensasjon	-90 073	0	-237 500	-112 997
Sum driftsinntekter	-6 585 509	-5 896 000	-8 087 040	-9 031 191
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	1 268 439	1 513 000	1 017 000	1 111 269
Sosiale utgifter	339 352	0	256 000	299 056
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	789 119	1 065 614	1 826 700	2 920 335
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	1 930 963	1 830 000	1 714 200	1 750 260
Overføringar	2 304 525	3 014 407	3 017 500	6 190 806
Fordeelte utgifter	405 532	214 000	305 000	332 497
Sum driftsutgifter	7 037 930	7 637 021	8 136 400	12 604 223
Brutto driftsresultat	452 421	1 741 021	49 360	3 573 033
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR				
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter				
Renteinntekter	-94 452			-651 390
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-94 452	0	0	-651 390
Netto driftsresultat	357 969	1 741 021	49 360	2 921 643
AVSETJINGAR				
Bruk av avsetjingar				
Bruk av bundne fond	-1 261 158	-1 741 021	-50 000	-4 860 014
Sum bruk av avsetningar	-1 261 158	-1 741 021	-50 000	-4 860 014
Avsetjingar				
Avsetjingar til bundne fond	903 188		640	1 938 371

Sum avsetjingar	903 188	0	640	1 938 371
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0
Oversikt over fond Sogn regionråd				
	31.12.2009	31.12.2008		
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT	-1 102 215	-764 625		
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM	-84 642	-125 333		
FOND SOGN REGIONRÅD-REISELIV	-121 524	-281 524		
FOND SOGN REGIONRÅD-GIS	-729 955	-402 868		
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN	-167 517	-167 517		
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE	-996 244	-1 388 831		
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE FAGNETTVERK	-14 066	-310 976		
FOND SOGN REGIONRÅD-KONFERANSE	-53 307	-53 307		
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTIGENT	-1 033 127	-948 286		
FOND SOGN REGIONRÅD-LEIDANG	0	-203 614		
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT	0	-13 685		
SUM	-4 302 598	-4 660 567		

3.1 Bruk av fondsmidlar

Fondsmidlar utgjer kr 4 302 598 pr 31.12.2009.

1. Div prosjekt

Fondsmidlar kr 1 102 215 er unytta RUP-midlar (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane.

2. Ungdom

Fondsmidlar kr 84 642 er unytta midlar som er løyvd til aktivitetar for ungdom og informasjon om utdanning og yrkesmoglegheiter. Ungdomsnettverket disponerer midlane i samsvar med aktivitetsplanen 2009-2011.

3. Reiseliv

Fondsmidlar kr 121 524 er unytta RUP-midlar frå fylkeskommunen og kommunane.

4. GIS

Av fondsmidlar kr 729 955 går kr 300 000 til Statens Kartverk til prosjektleiing i prosjektet "Plan og temadata i Sogn og Fjordane". Kr 345 949 utgjer unytta midlar til prosjektet Integreerte Kommunale Tenesteportalar fase IV. Unytta midlar på kr 84 006 kan stå disponible til evt. lisens- og serviceutgifter.

5. Barnevern

Fondsmidlane er midlar som står att etter forprosjektet. Midlane kan nyttast til t.d. kursing i felles fagsystem eller gå til prosjektarbeid i kommunane.

6. Skule

Fondsmidlar kr 996 244 utgjer i hovudsak unytta statlege midlar. Midlane er avsett til prosjektleiing, entreprenørskapsarbeid i skulane og tiltak knytt til rolla som skuleeigar.

Fondsmidlane har gått til å vidareføra fagnettverka for skuleåret 2009-2010. Finansiering for neste skuleår må avklarast i løpet av våren.

7. Konferanse

Overskotet skuldast større oppslutning på Landskonferansen i 2008 enn budsjettet.

8. Kontingent

Av fondsmidlane på totalt kr 1 033 127 utgjer renteinntektene på fondsmidlane kr 745 841 (kr 300 000 for 2007, kr 351 390 for 2008 og kr 94 451 for 2009). Resterande midlar på kr 287 286 er driftsoverskot.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 09/921

Arkiv: 412

Saksnr.: Utval
10/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 10/10

**Sats på skulen - snu Sogn - utviding med barnehage og
entreprenørskap i perioden 2010 - 2012**

Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner den plattform for vidareføring og utvikling av "Sats på skulen – snu Sogn" som ligg i prosjekttale av 15.04.2010.

Sogn regionråd godkjenner den finansieringsplan som ligg til grunn for det vidare arbeidet. Den eksterne finansiering som ligg til grunn for finansieringsplanen må på plass før endelege avtalar for vidareføring av prosjektet kan signerast.

Vedlegg:

Sogn regionråd sak 05/10, møte 12. februar 2010, uprenta
Prosjekttale frå prosjektleiar Claus Røyndal av 15.04.2010

Saksutgreiing:

Rådet gjorde i møte 12.02 vedtak om å gå vidare i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn", med at ein tok inn barnehage som eit nytt delprosjekt for perioden 2010 – 2012.

Prosjektleiar har satt opp eit notat som klargjer målsetting, opplegg for og finansiering for vidareføringa. Det vert vist til dette notat og saka til rådet 12. februar.

Det har vore møte med HSF som ønskjer å satsa meir på utdanning innan entreprenørskap. Sogn regionråd har i prosjektet eit godt samarbeid om entreprenørskap med NHO/Ungt Entreprenørskap som òg deltek i programstyret. Eit 5 kull for utdanning av leiarar i entreprenørskap både i skule og barnehage er no lagt inn som ein modul 5 i prosjektet. Kommunane sin deltaking vert også her avgrensa til kostnaden med vikar, reise mv. Denne delen av prosjektet må vidareutviklast i 2010-11 med sikte på oppstart hausten 2011, og vil då og verte lagt fram som eiga sak. Dette vil vera godt samsvarande med den tyngde entreprenørskap har hatt i prosjektet og med nasjonale mål om å satsa meir på entreprenørskap i utdanning på alle nivå, jf. Stortingsmelding 7 2008 – 2009 *Et nyskapende og bærekraftig Norge*.

Sogn regionråd sin plattform for prosjektet er i omtalen frå prosjektleiar komplettert med barnehage og ytterlegare innsats på entreprenørskap.

Heilskapleg barnehage- og skuleutvikling er eit døme på at 'alt heng saman med alt'. Vi treng gode fagnettverk for pedagogane, slik vi har det frå barneskulane til og med i dei vidaregåande skulane. Formell utdanning gjer rektorar og styrarar tryggare i rolla som leiarar når dei skal drive organisasjonsutvikling på eiga eining. For å endre utviklingstrekk i kommunane må vi styrke entreprenørskapshaldningane og auke utviklings- og omstillingskapasiteten i barnehage og skule. Ved å samarbeide gjennom regionrådet etablerar vi felles forum og arenaer for kvalitet og utvikling som vi elles ikkje ville fått. Det er her vi kan lære dei beste eksempla frå kvarandre, til dømes vurderingsarbeid i Balestrand og entreprenørskapsarbeidet frå barnehage til vidaregåande skule i Luster.

Opplegget for prosjektperioden 2010 til 2012 er no slik:

- Juni 2010: Avslutning kull 2, leiaropplæring skule.
- November 2010: Oppstart kull, 3 leiaropplæring barnehage.
- Haust 2011: Oppstart kull 4 leiaropplæring barnehage, samordna med opptak på studiet for nyttilsette rektorar, i den grad det er trong for det. Oppstart av kull 5; formell utdanning i entreprenørskap for pedagogar i barnehage og grunnskule
- Vår 2012: Avslutning av leiarkull 3, haust 2012 avslutning av kull 4 og 5.
- Parallelt med formell utdanning vil prosjektet arbeide med utvikling av kommunane si rolle som barnehage- og skuleeigar, samt å utvikle kvaliteten i respektive fagnettverk.
- Rådmannsgruppa vil alt frå 2010/11 følge prosjektet i høve til å syte for at tiltaka kjem godt over i ordinær driftsfase etter prosjektavslutninga i 2012.

Barnehagedelen av prosjektet får ei særleg del knytt til andre tilsette enn leiar/pedagogisk leiar, her vil NAV Arbeidslivssenter sin medverknad vera viktig. Det er teke sikte på at denne delen av prosjektet i hovudsak vil føregå på planleggingsdagar ev med 1-2 samlingar elles i prosjektperioden.

Programstyret vert supplert med representant for barnehage, entreprenørskap er representert i gruppa. Barnehage har eige fagnettverk i funksjon. Eigarskapen til barnehagane må og verte ein utviklingsdel i programstyret og kommunane sitt arbeid frametter.

I tillegg til å vere eit prosjekt for utvikling av barnehagane og skulane i regionen, er "Sats på skulen – snu Sogn" eit aktivt grep i høve store fylkeskommunale og nasjonale utfordringar: Førebygging av fråfall i vidaregåande skule, reduksjon av sjukefråveret og gjennom entreprenørskapsatsinga bidra til ein nyskapande region Sogn.

Finansiering av vidareføringa er lagt opp som for prosjektet fram til no, det vert søkt om eksterne midlar frå KS og frå fylkesmannen sine fornyingsmidlar som dekker prosjektleiar og innkjøp av HSF sine teneste. Kommunane dekker sjølvkost med dei utgifter det er til reise /vikar mv. knytt til deltakarane.

Prosjektet vil til hausten 2010 vurdere søknad til NAV sine fargemidlar som kan nyttast til dei tiltak NAV deltek med i prosjektet. Andre kjelder kan og verte aktuelle t.d. dei ou-midlar som fagorganisasjonane forvaltar.

Prosjektet er presentert for KS i februar i år og skal også presenterast for Kunnskapsdepartementet. Fokus er departementet sin satsing på utviklingstiltak for barnehage

retta mot utdanningsinstitusjonar. At HSF kan få støtte til utvikling av sin kompetanse og aktivitet t.d. ved doktorgradsstipendiatstillingar vil vera positivt for prosjektet, for høgskulen sin eiga utvikling og utviklinga av barnehagesektoren i fylket.




Til: Sogn regionråd
Frå: Claus Røynesdal, prosjektleiar "Sats på skulen – snu Sogn"
Dato: 15.04.2010

Notat om utvikling og vidareføring av "Sats på skulen – snu Sogn" 2010 - 2012

Innleiing

For å symbolisere dei ulike satsingsområda i prosjektet, har vi utvikla ein modell for barnehage-, skule- og samfunnsutvikling i regi av Sogn regionråd:



Kommunane sitt "Janusandlet" er både å løyse statlege lovpålagde oppgåver, og samstundes vere lokale utviklingsaktørar på eiga initiativ. I regi av Sogn regionråd sitt samfunnsutviklingsprogram for perioden 2006 – 2010, "Sats på skulen – snu Sogn", er vi i ferd med å nå båe målsetjingar: Vi bidreg til å løyse utfordringar i eigen region – samstundes som vi kollektivt realiserer statlege målsetjingane på ein ambisiøs måte.

Staten vedkjenner seg ikkje lengre trua på detaljstyring. Vi lever i eit kunnskapssamfunn, der medarbeidarane, brukarane og borgarane i lokalsamfunnet er avgjerande premissleverandørar for kor vidt vi utviklar eller avviklar kvaliteten på dei kommunale tenestene. Staten har desentralisert ansvar og oppgåver. I kommunane må vi utvikle kapasiteten til å finne dei løysingane som ikkje berre er gode – men dei beste for innbyggjarane og vår region. Dette handlar ikkje om budsjetteknikkar, rundskriv eller byråkratiske forskrifter. Dette er ei seglas i ukjent farvatn, med høg grad av usikkerheit og mykje motvind. Vi kan ikkje binde oss til masta i ei naiv tru på at nokon andre kjem oss til unnsetning dersom vi ikkje i fellesskap realiserer dei grunnleggjande nasjonale måla for velferdssamfunnet vårt.

I 2006 strekte regionrådet kjølen for eit framtidsretta skuleprosjekt. I 2010 er det eit langt meir ambisiøst prosjekt som er i ferd med å forlate beddinga. Vi har eit etablert prosjekt. Vi har eit utviklingsorientert programstyre – og vi har levert gode resultat som ligg i forkant av utviklinga i kommune-Noreg elles. Dynamikken i prosjektet gjer at vi klarer å arbeide målretta innanfor ei rekkje viktige samfunnsområde.

På oppdrag frå KS gjennomfører SINTEF i 2010 eit FOU-prosjekt, der målsetjinga er å finne fram til korleis små kommunar kan jobbe konstruktivt med skuleutvikling. KS hadde definert Sogn regionråd sitt prosjekt inn som eitt av dei det skulle forskast på. 30. april 2010 kjem Kommuneforlaget med boka "Stolte kommuner. Unike prosjekt". Av langt over 100 moglege case, er "Sats på skulen – snu Sogn" eitt av dei 19 utviklingsprosjekta som er presentert i denne inspirasjonsboka. Signala syner at vi er på rett kurs, men vi må vidareutvikle prosjektet.

Skuleutvikling er samfunnsutvikling

Vi har tre overordna skulepolitiske målsetjingar; skulefagleg kompetanse, sosial utjamning. Oppgåva er å gjere ungdom kunnige i å manøvrere i og leve eigne fruktbare liv. Fråfall i den vidaregåande skulen er difor eitt av våre største utdannings- og sosialpolitiske problem. For kvart av årskulla med fråfallselevar, får samfunnet ei rekning på 5 – 9 milliardar kroner. Dette blir kostnadsført dei statlege trygdebudsjetta, sosialbudsjetta i kommunane – i tillegg til ei bokføring av ungdom med navigeringsproblem i startfasen av arbeidslivet. Vi kan til dømes sjå fråfall i vidaregåande skule som ei "sjølvmelding" på korleis elevane hadde utvikla seg etter 10 år i grunnskulen, og fleire år i barnehagane våre.

Kunnskapsminister Halvorsen har mykje rett i sitt poeng; fråfall byrjar allereie i barnehagen. Der ser vi problema først, og ved treårsalder kan dei tilsette i barnehagen sjå utviklingstrekk hjå barnet som diverre fører i gal retning. Vi må ta tak i dette, og styrke samhandlinga mellom medarbeidarar, betre overgangen mellom barnehagen og dei ulike trinna i det 13-årige skuleløpet. Då må vi våge å tenkje nytt og vere kreative.

Entreprenørskap har vore ein raud tråd gjennom heile prosjektet. I den formelle leiarutdanninga har vi fokusert på entreprenørskapshaldningar og tiltak for å utvikle skulane – både til å strekkje seg mot måla om å bli lærande organisasjonar, i tillegg til å vitalisere entreprenørskapsarbeidet på skulane. Vi har arbeidd jamt med elevverksemdar, og arrangerte ei vellukka entreprenørskapsmesse i Balestrand 2009. 22. april i år går messe nr to av stabelen

i Aurland. Dette er ikkje yrkesmesser, men arenaer der ungdom i 9. klasse presenterer elevverksemdene og skulen sitt arbeid med entreprenørskap i inneverande skuleår – for alle 8. klassingane i regionen. Det er den kreative gløden frå klasserommet som lyser opp resten av fjorden. Stiftinga Ungt Entreprenørskap deltek både i programstyret, og med direkte energiinnspøyting i det lokale arbeidet ute på skulane. Skal vi snu Sogn, treng vi meir strukturerte og systemiske grep enn 'berre' messene og elevverksemdar. Det nyaste skotet på stammen er skiping av eit eige fagnettverk 'entreprenørskap frå barnehage til vidaregåande skule'. Det viser at tida er moden for å dyrke fram ei meir heilskapleg systematikk i utviklingsarbeidet vårt.

Prosjektet handlar altså om langt meir enn skuleutvikling. Fokuset vårt er utvikling av lokalsamfunna og regionen. Frå i år har vi inngått eit formelt samarbeid med NAV Arbeidslivssenter i Sogn og Fjordane. Dei skal vere partner i resten av prosjektperioden. I tillegg til Utdanningsforbundet, Fylkesmannen og Sogn og Fjordane fylkeskommune, har vi Høgskulen i Sogn og Fjordane, NHO/ Ungt Entreprenørskap med i programstyret. Vi har felles utfordringar og felles interesser av å arbeide med:

- Kvalitetsutvikling i barnehagane, leggje grunnlag for meistring og livslang læring
- Kvalitetsutvikling i skulen, betring av basiskompetanse og grunnleggjande ferdigheiter
- Fråfallsproblematikken i vidaregåande skule
- Sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv
- Entreprenørskap, innovasjon og næringsutvikling
- Utvikle ein raus og berekraftig økonomi

Konkret om dei einskilde delprosjekta

Sats på skulen var det første delprosjektet vi gjekk i gang med i 2006. Frå 2007 og fram til 2009 har vi gjennomført to kull med formell leiarutdanning. 50 rektorar, inspektørar, rådgjevarar og lærarar har gjennomført eit studium på 30 studiepoeng. På kull 4, det siste av dei to neste kulla for barnehagepedagogar, vil vi ta inn dei nyttilsette rektorane i regionen som ikkje oppfyller forskrift om formell leiarutdanning. Vi held på med å implementere ein ny nettverksmodell for engelsk, norsk og matematikk; dei tre gjennomgåande faga i det 13-årige skuleløpet. Vi ynskjer at fagnettverka blir sterkare læringsnettverk. Det viktigaste momentet er likevel satsinga på skuleeigarrolla. Alle kommunane har vedteke skulepolitiske mål, men vi har framleis ein veg å gå i utviklinga av eigarrolla. I 2010 oppsummerer vi eigarrolla. Satsinga gjer at vi i fellesskap kan løyse utfordringar innan skuleområdet på ein betre måte. Langt på veg kompenserer vi for å vere små kommunar, med høvesvis lite skulefaglege ressursar på kommunenivå. Vi får system og forum for å utvikle samforståing i høve fråfallsproblematikk, vurderingsarbeid og fagleg utvikling. I sterkare grad klarar vi å nå måla i Stortingsmeldingane 30 (2003 – 200) *Kultur for læring*, 31 (2007 – 2008) *Kvalitet i skulen* og 44 (2008 – 2009) *Utdanningslinja*.

Sats på barnehagen er ei naturleg vidareutvikling av prosjektet. Barnehagen er det første viktige steget mot livslang læring. I barnehagen framelskar vi eit godt sjølvbilete, sosial dugleik og læringslyst. Frå starten av i 2006 tenkte vi på barnehagen. No er vi ferdig med å tenkje, og klare til å handle. Barnehagen er ein arbeidsplass med skeiv kjønnsbalanse og høvesvis stort sjukefråvær. Fram til nyleg har det overordna fokuset vore dekningsgrad og pris. Med St.meld. 41 2008 – 2009 *Kvalitet i barnehagen*, set departementet eit etterlengta fokus på innhaldet i barnehagane. Skal vi nå målet; at også barnehagane skal bli lærande organisasjonar, må kommunane som arbeidsgjevarar og tilsynsmynde utvikle meir proaktive

tiltak. I vår region vil NAV Arbeidslivssenter Song og Fjordane vere med på laget. På den formelle leiaropplæringa av styrarane og dei pedagogiske leiarane, vil dei delta på førelingar med arbeidslivsrelaterte tema. Dei vil også bidra med 'ein til ein' coaching av styrarane ute på arbeidsplassane. I tillegg vil heile personalgruppa, barne- og ungdomsarbeidarar, assistentar og andre tilsette, få tilbod om kurs og samlingar om arbeidslivsrelaterte tema. Slike dagar kan bli arrangerte på barnehagane sine planleggingsdagar. Det er styrarar og pedagogiske leiarar som er målgruppa for den formelle utdanninga. Vi vonar at Kunnskapsdepartementet legg merke til desse utviklingsprosessane i regionen, slik at Høgskulen i Sogn og Fjordane kan nå fram i tildelinga av dei nye stipendiatstillingane som skal settast inn på å auke forskinga på fagfeltet, jf. tiltaka i St. meld. 41. Av dei 27 000 styrarane og pedagogane som jobbar i barnehagane i Noreg, er det berre 1% som har formell leiarutdanning. Etter å ha fullført kull 3 og 4, med 2 x 35 kursdeltakarar, kan vi i Sogn ha om lag 70% førskulelærarar med formell leiarutdanning.

Sats på entreprenørskap er eit tydeleg prov på vår ambisiøse målsetjing: Vi vil snu Sogn. Eit viktig grep er å dyrke fram entreprenørskapshaldningar så tidleg som mogleg. Entreprenørskap i barnehage og skule handlar ikkje berre om avanse på sal av ved og vaffel. Det er ein portal til å tenkje kreativt og positivt om sitt eige lokalsamfunn, eigne skapande krefter og eigne draumar. Det handlar om å stimulere til å tenkje nytt, til å leggje vekt på alt det positive rundt oss. Arbeid med elevverksemder gir til dømes konkrete røynsler med prosessane frå ide til realisert verksemd. Vi har som før sagt gjennomført ei messe 9. februar 2009 i Balestrand, den neste kjem 22. april i Aurland. I 2011 blir det entreprenørskapsmesse den 10. mars i Sogndal. Her skal elevar frå 9. klasse konkurrere om å få syne fram elevverksemdene sine for alle 8. klassingane i regionen – i tillegg til å delta på kurs som er praktisk retta inn mot ungdomane sine skapande energi. Messa neste år vil i tillegg vere fylkesmesse for elevverksemdene i dei vidaregåande skulane, pluss presentasjon av entreprenørskapsprosjekt frå barnehagane i Sogn.

Et nyskapende og berekraftig Norge er både regjeringa sitt mål for innovasjonspolitikken – og namnet på Stortingsmelding nr. 7 2008 – 2009. Regjeringa vil leggje "til rette for innovasjon ved å fremme:

- *Et skapende samfunn* – med gode rammevilkår og et godt klima for innovasjon
- *Skapende mennesker* – som utvikler sine ressurser, sin kompetanse og har mulighet til å ta dem i bruk
- *Skapende virksomheter* – med offentlige og private virksomheter som utvikler lønsomme innovasjoner"

Entreprenørskap er ikkje eit fag i skulen. Det er haldningar og praktiske elevoppgåver. Entreprenørskap og elevverksemder kan utviklast gjennom alle faga, sjølv om vi ikkje har 'faglærarar'. Rundt om i regionen og landet elles, finn vi engasjerte lærarar som legg mykje vinn på å utvikle entreprenørskap. Kunnskapsparken i Bodø dokumenterte i 2009 status i Sogn og Fjordane med rapporten "Entreprenørskap på høygir". Skal vi bli endå betre, må vi styrke samhandlingsmønstra. Men først og fremst ynskjer vi å styrke pedagogar i barnehagane og skulane ved å gjennomføre eit formelt studium på 30 studiepoeng i entreprenørskap, kull 5. Kvaliteten på entreprenørskapsarbeidet er avhengig av kompetansen og energien til medarbeidarane. 35 pedagogar i barnehagen og skulen vil få tilbod om denne formelle utdanninga. Dette vil bli eit nytt konkret samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn regionråd.

Ei regional utviklingsplattform

Den nasjonale politikken blir mellom anna utmeisla gjennom dei ulike departementa sine meldingar til Stortinget. Som vår interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon, utviklar KS viktige strategiar og dokument, knytt til både arbeidsgjevarrolla som "Stolt og unik", innovasjon og utvikling – og ikkje minst "Utdanningspolitisk plattform". Oversikta nedanfor syner korleis "Sats på skulen – snu Sogn" kan vere drivhus for regional utvikling, og faktisk fungere som rammer for vår regionale utdanningspolitiske plattform:

Sogn regionråd si plattform for barnehage-, skule- og samfunnsutvikling			
Sats på...	Skulen	Barnehagen	Entreprenørskap
Stortingsmeldingar	<ul style="list-style-type: none">- Nr. 30 2003/ 2004 Kultur for læring- Nr. 31 2007/ 2008 Kvalitet i skolen- Nr. 44 2008/ 2009 Utdanningslinja	<ul style="list-style-type: none">- Nr. 41 2008/2009 Kvalitet i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">- Nr. 7 2008/ 2009 Et nyskapende og bærekraftig Norge
Tiltak	<ul style="list-style-type: none">- Leiaropplæring, kull 1 og 2- fagnettverk- utvikle eigarrolla	<ul style="list-style-type: none">- leiaropplæring, kull 3 og 4- fagnettverk- utvikle eigarrolla- Prosess med NAV Arbeidslivssenter	<ul style="list-style-type: none">- Entreprenørskapsmesser- elevverksemdar- formell utdanning i entreprenørskap for pedagogar i barnehagane/ skulane, kull 5- utviklingsprosjekt i bhg
Utfordringar og mål	<ul style="list-style-type: none">- inkluderande arbeidsliv- sjukefråver- organisasjons- og kvalitetsutvikling- fråfall i vg skule- betre ferdigheiter hjå alle elevane	<ul style="list-style-type: none">- inkluderande arbeidsliv- sjukefråvr- organisasjons- og kvalitetsutvikling- fleire menn i bhg- stabilt personale- auka motivasjon til å bli i bhg	<ul style="list-style-type: none">- eit skapande samfunn- skapande menneske- skapande verksemdar- fleire elevverksemdar- auka aktivitet med entreprenørskap i bhg og skule- større merksemd på lokalsamfunnet som arena for utviklingsarbeid

Økonomi

Kostnader og finansieringsplan for Sats på skulen – snu Sogn, 2010 - 2012

Korkje utvikling eller eksterne midlar kjem av seg sjølv. Det er mange finansielle samarbeidspartar som har som målsetjing å stimulere fram gode omstillings- og utviklingsprosjekt i kommunal og offentleg regi. Programstyret hjå fylkesmannen og fylkeskommunen er eitt av desse. KS bidreg både gjennom FOU-prosjekt og ved direkte finansiering gjennom OU-midlane. Saman med regionrådet og kommunane sjølve, er dette dei to viktigaste samarbeidspartane i grunnfinansieringa. Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og Høgskulen i Sogn og Fjordane er også ein trekløver som kan tilføre prosjektet mykje eksterne midlar. Her tenkjer vi spesielt på entreprenørskapssatsinga. OU-midlane til KS går til leiaropplæring. Arbeidstakersida har tilsvarande midlar der arbeidsgjevarar kan søkje om tilskot/ dekking av kostnader til det som ikkje går på leiaropplæring. Det kan vi først søkje om etter eit eventuelt vedtak om vidareutvikling av prosjektet.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/1005

Arkiv: U64

Saksnr.: Utval
11/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 11/10

Reiselivsplan for Sogn og Fjordane - høyring

Tilråding:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin reiselivsplan er eit omfattande dokument som inneheld gode mål og visjonar for utvikling av reiselivet i fylket.

Planen vil krevje betydelege ressursar for realisering. Dette gjeld ressursar til det løpande administrative arbeidet med reiseliv i fylkeskommunen, til det viktige arbeidet som skal gjerast i programstyra og mest av alt til gjennomføring av tiltaka.

Det er positivt og viktig for alle aktørar at planen inneheld faktagrunnlag og mykje informasjon og kunnskap om reiselivet generelt.

Sogn regionråd har desse kommentarane til dei einskilde spørsmåla i høyringsbrevet:

A

Reiselivet må som ein samfunnsbyggande næring også styrkje og understøtte heilårleg aktivitet som og har verdi for lokalsamfunna med å:

- Styrkje dei store heilårlege drivne reiselivsbedriftene
- Sikre gode kommunikasjonsstrukturar gjennom heile året
- Destinasjonsselskapa må støttast for å kunne oppretthalde booking, info og marknadsarbeidet i alle sesongar

B

Sogn regionråd støtter den visjon og profil planen trekker opp. For å følgje opp desse målsetjingane vil det krevje god forvaltning av arealressursane og at dei aktivitetar og tiltak som styrkjer ei berekraftig utvikling vert prioritert.

C

Sogn regionråd sluttar seg til dei langsiktige måla som planen fremjar med desse kommentarane:

- delmål 2:
I arbeidet med auke i tal gjestedøgn må kapasitetsutnytting og turismeaktivitet over heile året prioriterast
- delmål 3:
Å syta for god verdiskaping i reiselivsnæringa, jf. delmål 1 er eit naudsynt grunnlag for at næringa kan gå vidare i å utvikle eit meir berekraftig reiseliv.

D

Sogn regionråd sluttar seg til dei sju hovudområda for vidare arbeid med strategi og tiltak. Oppfølging av desse vil krevje omfattande innsats i programstyra jf rådet sin innleiande kommentar om trong for ressursar til generelt administrativt arbeid og til det utviklingsarbeidet som skal skje gjennom desse styra. Rådet legg stor vekt på at dette arbeidet må skje i nært samarbeid med nærings og statlege og kommunale organ.

Tiltak må fokusera på merkevarebygging slik det er gjort framlegg om i punkt 5.6 og i den samanheng marknadsføring og produktutvikling. Dette er grunnlaget for å kunne nå måla om auka verdiskaping slik det er sett opp i kapittel 4 i planen. Marknadsføringa må i enno høgare grad enn no framheve alle dei tilbod og kvalitetar som finast i fylket og syte for at alle regionar presenterar sine tilbod godt og samordna.

I særleg grad må desse områda ha høg prioritet i det vidare arbeidet med planen:

- Stabile båt- og ferjeruter på Sognefjorden i lang sesong med god kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet
- Sikra lang sesong for alle hovudattraksjonar gjennom vidareføring av verdiskapingsprogrammet
- Ei samordna og forsterka satsing på trafikk heile året - som går både på ferie- og fritidsmarknaden og kurs og konferanse.

E

Planen er omfattande. Det kritiske i oppfølging og gjennomføring er nært knytta til organisering og framdrift av arbeidet i programstyra. Vidare må det vera samsvar mellom dei strategiar og tiltak som vert utvikla og dei ressursar fylkeskommunen kan stilla til disposisjon saman med dei ressursar som kan forventast å vera tilgjengelege frå andre kjelder. Arbeidet i programstyra må koma raskt i gang og med eit handlingsorientert fokus.

Alle aktørar, fylket, stat og kommune, dei ulike selskapa og bedrifter må ta sin del av ansvaret for oppfølging og iverksetjing for at ein kan lykkast med realisering av planen. Sogn regionråd vil leggje planen til grunn for sitt arbeid innan reiselivsområdet.

Vedlegg:


Reiselivsplanen utsendt til alle kommunane, uprenta
Reiselivsgruppa, referat frå møte 1 og 2

Saksutgreiing:

Kommunane i regionrådet vart i mars samde om at reiselivsgruppa førebudde ei uttale til denne planen på vegner av alle kommunane. Referat frå reiselivsgruppa sitt arbeid og utkast til uttale ligg ved.

Gruppa vart beden om å førebu ei uttale så tidleg som mogleg i april slik at kommunane kunne ha eigne interne prosessar på saka før møtet i regionrådet. Uttaleutkastet vart sendt til kommunane 14. april.

Høyringsfristen til fylkeskommunen er 23. april. Førebels uttale er sendt inn og fylkeskommunen har godkjent at regionrådet oversender den formelle uttalen etter møtet 30. april.



Reiselivsplanen

Referat frå møte 26.03.10

Desse møtte:

Einar Målsnes

Noralv Distad

Johannes Sjøtun

Arthur Langeland

Arbeidsopplegget med denne planen i regionrådets regi er avklara med leiar og medlemmene i reiselivsgruppa i e-postar 22.03 og 25.03 med desse møta:

- 26.03
- 07.04
- Mogleg møte 15.04

Om arbeidet i gruppa

Fleire kommunar har teke opp spørsmålet om rådet kan gje uttale på vegner av kommunane. Med arbeidsopplegget frå e-post 25.03 vil reiselivsgruppa ha klart eit framlegg seinast 16.04 og kommunane kan då handsama dette fram til rådet sitt møte 30.04. Fylkeskommunen har på førespurnad opplyst at det ikkje er aktuelt med å utsetja høyringsfristen som er 23.04, men har ikkje merknader til at reiselivsgruppa sitt utkast vert sendt inn innan denne dato og at rådet sin uttale vert ettersendt pr. 30.04. Hovudutvalet handsamar planen 19. mai og endeleg handsaming er i fylkestinget i juni.

Alle kommunane, heile gruppa med dei aktuelle fagpersonar har fått tilsendt reiselivsplanen. På første møtet var målsetjinga ei gjennomgang særleg knytt til den medverknad som Distad og Sjøtun har hatt i høve til fylkeskommunen sitt arbeid med planen.

Hovudpunkta rådet må konsentrere seg om er følgjande

Planen er 4 årig – vi må fokusera på det operative, oppfølging og ansvarleggjering av dei som har oppgåver og arbeid knytt til planen, opplegget med programstyre, sjå pkt. 6.3/s.36 kan vera ei "tung" organisering som det tek tid å få "i gang"

Kvalitet

Tilgjengelegheit

Produktutvikling

Kva kan vi skapa nytt innan rammene av denne planen, den legger opp til vekst, i Sogn må vi fokusera på

Produktet

Marknaden

Utfordring for Sogn er ressursutnytting innan noverande struktur

Delprogram for kvar enkelt region ?

Kvar kjem midlar frå, kor kan dei koma frå ?

Korleis skal fylkeskommunen sin generelle midlar fordelast/til kven skal dei overførast

Gjestedøgn

Antall kom

Problemstilling at ikkje alle kommunar i Sogn er med i regionrådet, men alle deltek i

Visit Sognefjord og denne organisasjonen går ut over regionrådsgrensen – Høyanger og

Årdal problematikk og i høve til at regionrådet yter frå sine egne midlar til Visit

Skape samhandlingsstruktur i Sogn korleis få alle med ?

Konklusjon førebels

Støttar hovudmåla jf samandrag s. 4 + strategiar og utfordringar pkt. 2 s. 10

Støtte planen på organisering av region ved destinasjonsselskapa – Visit Sognefjord

Korleis fordele, kriterier forfordeling av SFFK sine generelle midlar

Retningslinjer for nytt råd, organisering s. 7 her er det framleis ein del uklare tilhøve knytt til samansetjing og funksjon særleg opp mot arbeidet med fordeling av midlar og handsaming av søknader

Er det midlar til å ta tak i alle desse måla – betre prioritering?

Handlingsområda kommentarar i møtet

5.1

Som over om organisering

Næring må få sentral plass pkt. f

5.2

Kvalitet, jf sertifisering og kompetanse må være et utvalsarbeid som må få midlar og prioritert

5.3

Produktutvikling, viktig med mangfald for å auke opphaldstida, vi må ha spektakulære fyrtårn og bygge produkt- aktivitetar på dette

Fjorden som fyrtårn og viktigheita av at denne strukturen er god

Addisjonelle aktivitetar, særlig aktivitet i naturen

5.4

Det er næringen som står for investering og utbygging derfor avgjørande med samhandling næringsaktører og det offentlige apparatet

Utfordringa er dårlig kapitalbase i eksisterande reiseliv, viktig å tiltrekka oss "krevjande" eigarar

5.5

Forsterka rutestruktur som er fylkeskommune sitt ansvar

5.6

Bedrifter med eit heilårstilbod må fungera betre saman, sjå og pkt. 5.1

Utvikle fleire produkt knytt til desse verksemdene jf at dei er viktige lokalt gjennom året

Destinasjonsselskapa må syte for at booking o.a. fungera godt heile året

5.7

Fokus for kunnskapsutvikling/kompetanse bør vera kvalitetsutvikling

Kap. 2

Lett tilgjengeleg informasjon

Forutsetteleg kommunikasjon - heilårleg

Ein må ha klare reglar for offentlege tilskot – drift –

Kap. 3

-

Kap. 4

Det er ei utfordring å auka talet på tilsette, det føreset auka verdiskaping jf det å tiltrekka seg investorar

Gode opplevingar under transporten- kommunikasjonsar med internetttilgang under reisa
delmål 2

Er det vurdert det som ikkje er målbart i høve til verdiskaping:

Priv hytter

Båtliv

Tilfeldig

Festivalar

Som alle bidrar til verdiskaping

2.1

Viktig infrastruktur

3

Ok

Generell utfordring med planen

Positivt at andre ressursar er føresett å medverka til gjennomføring spesielt viktig med koplinga Innovasjon Noreg og dette må avklarast


Svært omfattande mål

Korleis operere disse måla effektiv organisering fylket region – lokalt

Sogn sine ambisjonar

Reiseliv eit prioritert satsingsområde jf volumet ----

Viktig for Sogn store deler av året verdiskaping, men noko ulik i dei einiskilde kommunane - måle mot kommunebudsjettet?



Reiselivsgruppa

Referat frå møte 07.04.10 med utkast til uttale

Desse møtte:

Einar Målsnes
Olav Ellingsen
Johannes Sjøtun
Noraly Distad
Olav Grov
Arthur Langeland

Møtet starta med ein generell debatt om planen. Her vart spesielt samhandling mellom aktørar og kapasitet til å følgje opp planen ressursmessig trekt fram.

Møtet bestemte at ein no laga eit utkast til uttale ut frå spørsmåla i høyringsbrevet med ei generell kommentar innleiingsvis. Utkastet vert sendt til deltakarane 08.04 og kommentarar/endringar skal liggje føre innan måndag 12.04.

Det er sett av tid for nytt møte om naudsynt fredag den 16.04 frå kl 0915 – 12, møtestad vert avtala seinare.

Utkast til uttale:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin reiselivsplan er eit omfattande dokument som inneheld gode mål og visjonar for utvikling av reiselivet i fylket.

Planen vil krevje betydelege ressursar for realisering. Dette gjeld ressursar til det løpande administrative arbeidet med reiseliv i fylkeskommunen, til det viktige arbeidet som skal gjerast i programstyra og mest av alt til gjennomføring av tiltaka.

Det er positivt og viktig for alle aktørar at planen inneheld faktagrunnlag og mykje informasjon og kunnskap om reiselivet generelt.

Sogn regionråd har desse kommentarane til dei einskilde spørsmåla i høyringsbrevet:

A

Reiselivet må som ein samfunnsbyggande næring også styrkje og understøtte heilårleg aktivitet som og har verdi for lokalsamfunna med å:

- Styrkje dei store heilårlege drivne reiselivsbedriftene
- Sikre gode kommunikasjonsstrukturar gjennom heile året
- Destinasjonsselskapa må støttast for å kunne oppretthalde booking, info og marknadsarbeidet i alle sesongar

B

Sogn regionråd støtter den visjon og profil planen trekker opp. For å følge opp desse målsetjingane vil det krevje god forvaltning av arealressursane og at dei aktivitetar og tiltak som styrkjer ei berekraftig utvikling vert prioritert.

C

Sogn regionråd sluttar seg til dei langsiktige måla som planen fremjar med desse kommentarane:

- delmål 2
i arbeidet med auke i tal gjestedøgn må kapasitetsutnytting og turismeaktivitet over heile året prioriterast
- delmål 3
å syta for god verdiskaping i reiselivsnæringa, jf. delmål 1 er eit naudsynt grunnlag for at næringa kan gå vidare i å utvikle eit meir berekraftig reiseliv

D

Sogn regionråd sluttar seg til dei sju hovudområda for vidare arbeid med strategi og tiltak. Oppfølging av desse vil krevje omfattande innsats i programstyra jf rådet sin innleiande kommentar om trong for ressursar til generelt administrativt arbeid og til det utviklingsarbeidet som skal skje gjennom desse styra. Rådet legg stor vekt på at dette arbeidet må skje i nært samarbeid med næringa og statlege og kommunale organ. Tiltak må fokusera på merkevarebygging slik det er gjort framlegg om i punkt 5.6 og i den samanheng marknadsføring og produktutvikling. Dette er grunnlaget for å kunne nå måla om auka verdiskaping slik det er sett opp i kapitel 4 i planen.

E

Planen er omfattande. Det kritiske i oppfølging og gjennomføring er nært knytta til organisering og framdrift av arbeidet i programstyra. Vidare må det vera samsvar mellom dei strategiar og tiltak som vert utvikla og dei ressursar fylkeskommunen kan stilla til disposisjon saman med dei ressursar som kan forventast å vera tilgjengelege frå andre kjelder. Arbeidet i programstyra må koma raskt i gang og med eit handlingsorientert fokus.

Alle aktørar, fylket, stat og kommune, dei ulike selskapa og bedrifter må ta sin del av ansvaret for oppfølging og iverksetjing for at ein kan lykkast med realisering av planen. Sogn regionråd vil leggje planen til grunn for sitt arbeid innan reiselivsområdet.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/1385

Arkiv:

Saksnr.: Utval
12/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 12/10

Miljøfyrtårnsordninga

Tilråding:

Sogn regionråd oppfordrar kommunane om å knytte seg til miljøfyrtårnsordninga slik at lokale bedrifter får høve til å verta sertifisert.

Vedlegg:

<http://www.miljofyrtarn.no/>

Regionavtale, Sogndal og Leikanger

Avtale mellom Leikanger og Sogndal om miljøfyrtårnsertifisering

Saksutgreiing:

På rådmannsmøtet 9. april vart det teke opp spørsmål om miljøfyrtårnsordninga og protokollert følgjande:

"Regionalt samarbeid miljøsertifisering

Jostein Aanestad orienterte og omdelte kopi av dei avtalar (2) som er gjort mellom Leikanger og Sogndal (2009). Han inviterte og til at andre kommunar kan inngå samarbeid med Sogndal om bruk av sertifisør.

Haakon Skjerdal opplyste at Aurland kommune slutta seg til ordninga i 2006 og har avtale med Voss kommune om kjøp av tenester.

Konklusjon

Sogndal kommune sender – så snart som råd - ut tilbod om tenestekjøp i samband med sertifisering av einskilde bedrifter.

Luster/Tore lagar deretter til politisk sak som vert gjort tilgjengeleg også for andre.

Kommunane vurderar sjølv om dei vil ta opp sak om miljøfyrtårnsordninga.

Miljøfyrtårnsordninga bør takast opp som prinsipp sak i rådet 30.04.10."

Eg viser til lenke om miljøfyrtårnsordninga under vedlegg. Dette er ei privat stifting. Skal bedrifter kunne sertifiserast etter ordninga må kommunen vera tilslutta ordninga, gjerne i regional samanheng som m.a. gjev føremoner med kostnaden til medlemskap i ordninga. Kommunen sjølv kan og sertifiserast slik Aurland kommune har gjort.

Kommunen sertifiserar bedrifter i høve til miljøkvalitetar som miljøkunnskap, arbeidsmiljø for tilsette, innkjøp og materialbruk, energibruk, transport, utslepp, estetikk/vedlikehald. Mange bedrifter ønskjer å verta sertifisert idet dette er viktig for omdømme samt at ein får eit godt oversyn over miljøstatus i bedrifta.

Sogndal har utdanna sertifisør og kan yta denne tenesta til dei kommunar som ønskjer å slutta seg til ordninga og som ikkje vil utdanna sertifisør sjølve.

MILJØFYRTÅRN – REGIONAVTALE

Sogndal og Leikanger kommune inngår med dette eit samarbeid om bruk av miljøfyrtårn som kommunalt nærings- og miljøpolitisk verkemiddel.

Dei to kommunane tek vare på sine løpande ansvar over for Stiftelsen Miljøfyrtårn gjennom ein regionansvarleg på fylgjande måte:


1. Sogndal kommune v/Marie Pettersson har regionansvaret for Miljøfyrtårn (kontakt med Stiftelsen Miljøfyrtårn, regional koordinering, marknadsføring og informasjon).
2. Leikanger kommune kjøper sertifiseringstenester hjå Sogndal kommune, jf. eigen avtale om dette av 22.10.2009.
3. Kontaktperson i Leikanger kommune er Per Holen.
4. Den enkelte verksemd betalar for eigen sertifisering.
5. Årleg regionlisens vert fakturert Sogndal kommune.
6. Avtalen gjeld til ein av partane ber om at han vert endra eller oppheva.
7. Stiftelsen Miljøfyrtårn skal ha kopi av underskriven avtale.

Sogndal/Leikanger, den 12.november 2009.

Sogndal kommune


Jarle Aarvoll
Ordfører

Leikanger kommune


Olav Lunden
Ordfører



Leikanger kommune
Ordføreren

**Avtale mellom
Leikanger kommune og Sogndal kommune
om miljøfyrtårnsertifisering**

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Avtal.nr. 09/2997	Dok.nr. 7	Saksh. MP
L.nr. 12680/09		
D 2 NOV 2009		
Arkiv. P	K2)	
Ark.kode S	Avtaler	
Kassasjonsår:	Gradering: §	

1. Leikanger kommune kjøper teneste for sertifisering av miljøfyrtårn hjå Sogndal kommune.


2. Kostnaden er ved avtaleinngåing 7000kr per sertifisering og inkluderar arbeids- og reisekostnader til sertifisøren og sertifikat med innramming. Avgifta vert fakturert Leikanger kommune. Prisen vert justert årleg i samsvar med deflatoren i stasbudsjettet, første gong pr. 1.1.2011.


3. Det formelle ansvaret for arbeidet som vert utført ligg til Leikanger kommune. Leikanger kommune tek kontakt med sertifisør når dei får melding om ny oppstart og sertifisering. Sertifikatet vert overrekt av ordførar i Leikanger kommune, og Leikanger kommune har ansvaret for ev. markeringar (mediekontakt, servering e.l.) i samband med overrekking av sertifikatet.

4. Avtalen gjeld inntil den vert sagt opp av ein av partane.

5. Avtalen er i to eksemplar, der partane har kvar sitt.

Leikanger/Sogndal 22. oktober 2009


Sogndal kommune
Jostein Aanestad
rådmann


Leikanger kommune
Odd Arve Rakstad
rådmann

Saksh.:	Arthur Langeland	Arkiv:
Arkivsak:	10/1388	

Saksnr.:	Utval	Møtedato
13/10	Sogn regionråd	30.04.2010

Sak 13/10

Global Future -integreringsprosjekt for høgt utdanna innvandrarar

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Prosjektutgreiing, uprenta jf orientering på møte 12.02.
Referat frå møte i referansegruppa 19. mars

Saksutgreiing:

Dette er eit prosjekt i regi av NHO Sogn og fjordane i samarbeid med fylkeskommunen, innovasjon Noreg, NAV, Adecco, Kunnskapsparke, LO i fylket, Sparebanken og Framtidfylket AS.

Sogn regionråd fekk prosjektet presentert på møte 12.februar og vedtok å ta opp sak om støtte på neste møte.

Det er ikkje ytterlegar kommentarar til prosjektet ut over det som er utsendt og som vart presentert på møtet 12.02.

Kvart regionråd har fått søknad om ei støtte på kr. 25 000. Rådet har ikkje avsett midlar generelt til prosjektstøtte i året eller til dette prosjektet. Rådet har god økonomi og støtte kan takast frå generell kontingentmidlar/fond.

Referat fra møte i Global Futures referansegruppe

Hege Karin Johnson

til:

'Arvid Fossnes', 'Lars Beheim', 'bente.sonsthagen@sfj.no', 'Kari-Anne Hamre', 'Henden, Frode', 'Kjetil Kvåle', 'Vidar Grønnevik', 'arvid.langeland@lo.no', 'janne.marie.solheimslid@ssf.no', 'Anne van Oorschot Framtidsfylket AS'

22.03.2010 19:03

Cc:

'Gunn Helgesen', 'arthur.langeland@sogndal.kommune.no', 'Fimland Håkon', 'Jan Ryste'

Vis detaljer

Hei alle.

Vedlagt finner dere referat fra møtet 19 mars på Leikanger.

Har dere potensielle deltakere i tankene er det flott om dere gir meg en tilbakemelding på det. Jeg vil sende dere link til sak dere kan legge ut på egne nettsider om kort tid.

Ta gjerne kontakt med meg dersom noe er uklart, eller dere har spørsmål.

Ha en fin kveld!

Hege Karin Johnson
Prosjektleder
Direkte: 976 99731
Hege.Johnson@nho.no

Næringslivets Hovedorganisasjon Sogn og Fjordane
Strandgata 52/54 6900 Florø, Postboks 217, 6901 Florø
Telefon 57 75 21 00
www.nho.no/sfj



SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ar/sak.nr.	Dok.nr.	Saksh..
10/1388	1	AL
L.nr.		5424/10
20 APR 2010		
Ark.kode P		
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradering: \$	



Referat

Til: Global Future referansegruppe: Arvid Fossne Adecco Lars Beheim Adecco, Bente Sonstehagen Fylkeskommunen, Kari-Anne Hamre Innovasjon Norge, Frode Henden Nav, Kjetil Kvåle Kunnskapsparken, Vidar Grønnevik Prosjektansvarlig Globale Future NHO Sogn og Fjordane, Arvid Langeland LO, Janne Marie Solheimslid Sparebanken Sogn og Fjordane, Anne von Oorschot Framtidsfylket AS, Tove Rygg NAV AS

Fra: hjohnson

Kopi: Gunn Helgesen Nordfjorderådet, Arthur Langeland Sogn Regionråd, Håkon Fimland SIS, Jan Ryste KS

Dato: 19. mars 2010, kl 11-13.

Sted: NAV Leikanger

Sak: Status og progresjon for prosjekt Global Future

Tilstede:

- Arvid Fossnes, Adecco
- Lars Beheim, Adecco
- Bente Sonstehagen, Fylkeskommunen (Gunnhild Berge Stang)
- Kari-Anne Hamre, Innovasjon Norge
- Frode Henden, NAV
- Kjetil Kvåle, Kunnskapsparken
- Vidar Grønnevik Prosjektansvarlig Globale Future NHO Sogn og Fjordane
- Hege Johnson PL Global Future NHO Sogn og Fjordane (referent).

Forfall:

- Arvid Langeland, LO
- Jan Ryste, KS
- Gunn Helgesen, Nordfjorderådet
- Arthur Langeland, Sogn Regionråd
- Håkon Fimland, SIS
- Gunnhild Berge Stang, Fylkeskommunen
- Janne Marie Solheimslid, Sparebanken Sogn og Fjordane
- Anne von Oorschot, Framtidsfylket AS

Dokumentnummer: 269331

Dokumentnavn: Referat møte i GF referansegruppe Leikanger 19. mars 2010

Agenda til møtet:

- Velkommen ved Vidar
- Presentasjon av prosjektet, økonomi og tidsplan ved Hege
- Organisering av prosjektet, innspill og diskusjon, Vidar
- Konstituering av styringsgruppe
- Veien videre ved Hege
- Ymse

Saker

- 01/2010 Prosjektets økonomi og tidsplan.

Hege Johnson orienterte om prosjektets innhold i henhold til prosjektbeskrivelsen. Global Future (GF) er et nasjonalt NHO prosjekt, og de faglige grunnpilarene er Styrekompetanse (BI), Lederutvikling (AFF) og presentasjonsteknikk (Retorisk Institutt). Prosjektets budsjett er på 2 615 000.- Per 19. mars ble det klart differansen mellom budsjett og finansieringsplan på kr 140 000.- da NHO sentral kunngjorde at de vil skyte inn ytterligere kroner 200 000.- for å sikre prosjektets oppstart. (Se figurer under for komplett liste over prosjektets finansører.) NHO SFJ sitt styre vil garantere for restbeløpet – som nå beløper seg til kroner 140 000.- mens PL fortsetter arbeidet med å skaffe eksterne midler.

Fremdriftsplanen for prosjektet er uendret i henhold til prosjektplan. Oppstart er lagt opp til september 2010, hvilket innebærer markedsføring og rekruttering i perioden mars-juni 2010. PL og Adecco håndterer prosessen og rapporterer til prosjektets styrings- og referansegruppe. Det ble gjort rede for Vidar Grønneviks rolle i prosjektet som følge av av regiondirektør Karin Halle i NHO SFJ skal ha morspermisjon ut 2010. Avslutningsvis ble det orientert om at PL har blitt kontaktet av flere interessenter i målgruppen.

Budsjettplan			
Oppholdsutgifter og transport, 10 samlinger à 2 dager			480 000
Ekstern fagleveranse og læremateriell, 8 samlinger à 2 dager			300 000
Prosjektledelse, faglig leveranse 50% 18 mnd			600 000
Markedsføring, annonser, brosjyrer, kursbevis, mediehjelp			250 000
Vurdering av søknader, intervju av kandidater			75 000
Mentorrekruttering og informerte			80 000
Styrings- og referansegruppe			50 000
Styrekompetanse 20 deltakere 10000 -x 20 pers			200 000
Prosjektleder, reiser v innsalg og 10 samlinger à 2 dager			60 000
Ekstra buffer			20 000
Totalt			2 615 000

Periodisert Finansieringsplan					
Bidragsyter	1. semester	2. semester	3. semester	Totalt	Innvilget
Sparebanken SFJ	84000	84000	84000	250 000	50000
NHO Sogn og Fjordane	67000	67000	67000	300000	300000
NAV Sogn og Fjordane	134000	134000	134000	400000	400000
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	167000	167000	167000	500000	400000
LØ Sogn og Fjordane	47000	47000	47000	140000	
Innovasjon Norge	150000	150000	150000	450 000	350000
RECOMP	133000	133000	133000	400000	400000
Regionrådene (à kr 25 000 x 4)	34000	34000	34000	100000	
Adecco	25000	25000	25000	75000	75 000
Totalt	874000	874000	874000	2 615 000	2 475 000

* I periodiseringene er tallene rundet av til nærmeste 1000.-

- 02/2010 Organisering av prosjektet.

PA orienterte om organisering av prosjektet og hensikten med referansegruppen og styringsgruppe. Referansegruppe består av alle som har bidratt økonomisk med midler eller egenandel i prosjektet, men er ikke begrenset til kun disse om det er parter som i kraft av sin virksomhet har naturlig interesse av prosjektet. Andre relevante aktører kan også bli del av referansegruppen dersom dette er hensiktsmessig på vegne av prosjektet. Framtidsfylket AS ved DL Anne von Oorschot vil bl.a. inngå i referansegruppen og slik fortsette den gode dialogen om prosjektet og utveksling av relevant informasjon. Referansegruppen vil bli innkalt til møte to ganger i året. Referansegruppen besluttet at neste samling av referansegruppen skal sammenfalle med første samling for deltakere i programmet.

Referansegruppen ble enig om følgende sammensetning av styringsgruppe i tillegg til PA Vidar Grønnevik:

- NAV ved Frode Henden avd dir, alternativt Tove Rygg avd dir Arbeidslivssenteret. Frode melder tilbake til PL hvis evt endring.
- Fylkeskommunen ved Gunnhild Berge Stang, PL Tenketanken.
- Arvid Fossnes, Adecco.

Det er ønskelig med en part til i styringsgruppen som kan bidra faglig. Referansegruppen ble oppfordret til å melde inn forslag. Styringsgruppen skal møtes fire ganger i året, cirka en gang per kvartal. Styringsgruppens følger opp prosjektets progresjon og økonomi. PL rapporterer til styringsgruppen og kaller inn til møter. Styringsgruppens neste møte vil finne sted i siste halvdel av juni 2010 når markedsførings- og rekrutteringsprosessen er gjennomført. PL kaller inn til møtet.

- 03/2010 Ymse

Markedsføring ble besluttet å finne sted i uke 12 og 14. Annonsene vil bli kjørt i begge avissamkjøringene i fylket, samt Sunnmørsposten. PL sender også ut pressemelding. PL gjorde det klart at alle medfinansjørenes logoer vil være representert i annonser og andre trykksaker.

Påmeldingsfrist vil bli satt til uke 18. Intervjuene vil bli gjennomført i uke 22, og senest før fellesferiens start. Nødvendige justeringer mtp datoer gjør PL og Adecco i samråd, det samme gjelder planlegging og gjennomføring av informasjonsmøter for potensielle deltakere i prosjektet.

Spørsmål om hva som skjer med søkere som ikke blir tatt opp på programmet ble reist. Adecco fortalte i denne sammenheng om erfaringer på området; høyt utdannende innvandrere som ikke behersker norsk fordi de ikke har kommet i (relevant) arbeid – og som dermed får utfordringer knyttet til å skaffe seg jobb. Referansegruppen ble enig om at en slik evt utfordring må tas tak i ved at bedrifter i lys av prosjektet blir gjort oppmerksom på ordningen med Språkpraksisplass i private og offentlige virksomheter. Det betyr at virksomheter kan ta i mot personer som skal lære språket, mens NAV betaler lønnskostnaden i en periode. Adecco redegjorde for sine egne norskopplæringsystemer. Referansegruppen stilte seg positive til tiltak som effektiv norskopplæring av disse personene utenom hva den enkelte kommune kan tilby gjennom sine kurs. PL vil ta denne saken opp med styringsgruppen i juni.

Når det gjelder søkere som har utdanning men som ikke har fått den godkjent v/hj av NOKUT, enten det gjelder profesjonsutdannede eller kandidater med annen høyere utdanning det er knyttet spørsmål til, vil man i prosjektets seleksjonsprosess tenke alternative løsninger for dem det gjelder, innen prosjektet rammer.

Kari-Anne Hamre nevnte viktigheten av at potensielle gründere blir oppfordret til å søke, da ett av Innovasjon Norge hensikter med å delta i prosjektet er å få frem nye gründere som kan etablere egne arbeidsplasser. Kjetil Kvåle orienterte også om Kunnskapsparkens Inkubatorordning og midlene knyttet til dette.

Frode Henden gjorde det klart at ansatte i Navs førstelinjetjeneste vil bli informert om prosjektet og dets målgruppe, og slik kunne informere potensielle deltakere de treffer i sitt daglige virke.

Avslutningsvis oppfordret PL referansegruppen til å bruke egne nettverk for å informere om prosjektet, tenke etter om det er potensielle deltakere i egne virksomheter samt mentorer for deltakerne.

Møtet ble avsluttet kl 13.

Hege Johnson
referent

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/1394

Arkiv:

Saksnr.: Utval
14/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 14/10

Koordineringsrådet, rammeavtale - samansetjing av rådet

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

E-post med vedlegg av 10.03.10

Saksutgreiing:

Koordineringsrådet er eit samarbeidsorgan mellom Helse Førde og kommunane ved regionråda saman med brukarrepresentantar og leiing i føretaket.

Koordineringsrådet gjorde i møte 11.02.10 slikt vedtak:

Koordineringsrådet vedtek å evaluere rammeavtala mellom Helse Førde og kommunane, med særleg vekt på punkt 4.2.2. Samansetjing av Koordineringsrådet, og punkt 4.3.2. Samansetjing av Fagrådet. Framlegg til endring av rammeavtala vert sendt ut på høyring til kommunane gjennom regionråda, og til brukarutvalet. Høyringsinstansane gjev tilbakemelding til sekretariatet for Koordineringsrådet innan 1. mai 2010.

Vedlegget viser dei endringar som det er lagt opp til for samansetjing av rådet.

Torodd Urnes er regionrådet sin representant i koordineringsrådet og vil kommentera endringa i møtet.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/239

Arkiv: 065

Saksnr.:	Utval	Møtedato
7/10	Sogn regionråd	12.02.2010
15/10	Sogn regionråd	30.04.2010

Sak 15/10

Orienteringssaker 30.04. 2010

Notat

- Kontrollutval sekretariat, nytta opsjon for vidareføring noverande avtale, notat vedlagd e-post ved utsending
- Uttale til rovdyrproblematikken ved Urnes, notat vedlagd e-post ved utsending

Orientering

- Rådmannsgruppa
- Strategisk samferdselsplan på høyring, leiar viser her til at regionrådet uttala seg til samferdselsplanen i 2009, denne høyringa vert difor lagt fram som orientering for ev. merknader, sjå høyringa på:
[http://www.sfj.no/cmsff/cmsmm.nsf/lupgraphics/Strategisk_samferdsleplan_hoyringsutkast.pdf/\\$file/Strategisk_samferdsleplan_hoyringsutkast.pdf](http://www.sfj.no/cmsff/cmsmm.nsf/lupgraphics/Strategisk_samferdsleplan_hoyringsutkast.pdf/$file/Strategisk_samferdsleplan_hoyringsutkast.pdf)
- Næringslivskonferansen HSF og næringsseminaret Tørvis er det aktuelle tiltak å ta tak i i regionrådet?
- Samhandlingsreforma jf KS møte februar samhandlingskonferansen 23. april og Stortinget si handsaming 27. april, samt KS møte i mai, korleis følgjer rådet opp saka?
- Sogndal kommune, kommuneplanen – planprogrammet, brev av 19.02.10 vedlagd e-post ved utsending
- Interkommunal arbeidsgjevarkontroll, orientering ved Jostein Aanestad
- Dagleg leiar
 - Oppfølging prosjekt
 - Interkommunalt byggjetilsyn
 - GIS, flaum og skred'
 - Geodataprojektet
 - Interkommunalt friluftsråd
 - Kva utgifter skal rådet ta i samband med medlemmenes oppgåver for rådet
 - IT forum, orientering frå møte
 - Diverse
 - Kulturkalender, tiltak frå Sogn regionråd, notat jf drøfting på ordførarkonferansen

Presentasjonar

- Politiet i Sogn og Fjordane, aktuelle saker ved politimeister Johan Brekke

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/1386

Arkiv: 412

Saksnr.: Utval
16/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 16/10

Prosjektstøtte - fagrettleiarstilling ved pakkeria i Sogn

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Søknad av 12. mars 2010

Saksutgreiing:

Ordførar Sanden orienterte om dette prosjektet på ordførarkonferansen 10. mars. Det vart protokollert at. ” Rådet vil når søknad vert fremma ta saka opp i formelt møte.”

Søknaden ligg ved, den er oversiktleg og med omsyn til orientering om mål for prosjektet, aktivitetar tidsplan, organisering og budsjett/finansiering. Det er og gjort godt greie for risiko og evne til gjennomføring. Søknaden til rådet er på kr 60 000 årleg i ei prosjektperiode på 5 år i alt kr 300 000.

Rådet sin økonomi er god, støtte må takast frå årlege kontigentinnbetalingar/midlar på fond.

Rådet har ingen prinsipielle føring på korleis ein forhold seg til ulike søknader om støtte. Rådet har ved fleire høve støtta prosjekt. Det er ikkje sett av eigne midlar til dette prosjektet eller til generell prosjektstøtte i budsjettet for 2010.



LÆRDAL GRØNT BA *Grøndalsvegen 6 6887 LÆRDAL*
TELEFON 57 06 54 00 post@lgr.no

ORGANISASJONSNUMMER 959 398 3800000
usoc.lgr.no

Lærdal, 12.3.2010

Sogn Regionråd
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Søknad om støtte

På vegne av grøntmottaka i Sogn (sjå liste i vedlagt prosjektplan) søker Lærdal Grønt BA (prosjektansvarleg) om støtte til å etablere ei stilling som fagansvarleg ved pakkeria i Sogn. Vedlagt plan omtalar mål, aktivitetar, tidsplan, organisering, budsjett og finansiering.

Viser også til orientering frå ordførar Arne Sanden under møtet i Sogn Regionråd på Vatnahalsen 10.3. Me søker Sogn Regionråd om støtte i tråd med finansieringsplan.

Om noko er uklart ber me om at de tek kontakt.

Helsing

Rikard Lysne
Styreleiar Lærdal Grønt BA

1 vedlegg: Prosjektplan

PROSJEKT:

”Fagansvarleg ved pakkeria i Sogn”

1. BAKGRUNN OG BEHOV

Den målbevisste satsinga siste åra på å utvikla grøntnæringa i Sogn og Fjordane har gitt gode resultat og er oppsummert i årsrapportar frå ”Programstyret for frukt og grønt” (sjå www.rup.no.)

Fleire som arbeider med næringsutvikling i regionen, har grøntnæringa som eit satsingsområde. Innovasjon Norge satsar på næringa gjennom økonomisk støtte til lokale produsentar, bedriftsutviklingstiltak på einskildpakkeri og gjennom Expo-prosjektet retta mot alle pakkeria i fylket. IN har vidare teke initiativ til at næringa skal bli godkjent som eit næringsnettverk innan Arena-programmet. Fylkesmannen si landbruksavdeling har satsa gjennom lengre tid på å bygga grøntnæringa i fylket gjennom ulike prosjekt og gjennom direkte rettleiingsarbeid. Fylkeskommunen står bak satsinga gjennom ”Programstyret for frukt og grønt. Og Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Sogn Regionråd, GH, Lerum og pakkeria i fylket står bak etableringa av Njøs Næringsutvikling (NNU).

Alle pakkeria arbeider med ulike utviklingsprosjekt/satsingar. Lærdal Grønt (LG) har hatt ei målretta satsing på m.a. moreller. Satsinga har vore eksportretta og har tilført miljøet ny kunnskap og holdning til kvalitetsarbeid. Parallelt med morellsatsinga har LG satsa på bær og tradisjonelle grøntkulturar, og potet er vidareutvikla. Utviklinga i LG har gitt ei sterk auke i volum og verdi.

Andre mottak i Sogn har hatt liknande satsingar. Dei største satsingane er:

- Sognabær, bringebær til konsum
- Vangsnes Fruktlager/Tine, bringebærjuice
- Sognefrukt, plommer
- Sognefrukt, pærer til konserver

Mottaka i regionen har òg nært samarbeid med Lerum Konserver for å sikra lokale leveransar av jordbær og bringebær.

Samla omsette mottaka i fylket grøntprodukt for 95 mill kr i 2009. Dette inneber ei auka omsetning på 75% på fire år.

Rettleiing har vore gitt av Forsøksringen Sogn og Fjordane (no Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane), Fylkesmannen si Landbruksavdeling ved Torbjørn Takle og Harald Nornes og Bioforsk Njøs (no Njøs Næringsutvikling). Kommunane i regionen har i ulik grad kapasitet til rettleiing, men felles for alle er at denne kapasiteten er redusert betydeleg siste åra.

Samstundes er konkurranseforholda i heile næringa skjerpa. Krav til lønsemd skjerpar krava til effektiv drift, samtidig som det vert forventa stadig betre dokumentasjon og kvalitet/kvalitetssikring. Næringa har vist seg endringsvillig og har ei positiv utvikling. Dei vidare utfordringane pakkeria står overfor krev ei endå sterkare oppfølging av dyrkarane gjennom meir intensiv rettleiing bygd på erfaringsinnhenting og registrering av "beste praksis".

2. MÅL FOR PROSJEKTET

Overordna mål

Pakkeria og dyrkarane i Sogn skal vera leiande innan grøntnæringa gjennom fagleg utvikling og kvalitetssikring av produksjonen.

Det overordna målet skal sikrast gjennom følgjande delmål:

- 1. Produsentane skal sikrast nødvendig rettleiingskapasitet samordna og styrt via pakkeria*
- 2. Rettleiingskapasiteten i regionen skal aukast*
- 3. Rettleiinga skal samarbeide med etablerte fagmiljø i regionen (NLR, NNU, Fylkesmannen)*
- 4. Prosjektet skal fora til ei permanent forbetring av fagleg rettleiing og styring av produksjonane knytt til pakkeria*

3. AKTIVITETAR

Strengt kvalitetskrav frå kundar gjer at det ikkje er rom for "unnsaluntring"; alle produsentar og pakkeri må levera varer av høg kvalitet med lang levetid i omsetningsleddet, der produksjonen er dokumentert gjennom kvalitetssikringssystem der også ikkje-agronomiske omsyn inngår (etikk, miljø).

Mottaka må ha kunnskap om variasjonar i åkrane/hagane for å styra varemottak, pakking og varehandtering. Dyrkarane må vidare ha tilbakemeldingar om levert varekvalitet og rettleiing om eventuell korreksjonar.

Dette krev auka kvalitetsarbeid på følgjande område:

- "beste praksis"-tilrådingar
- rettleiing i vekstsesongen
- rettleiing overfor dyrkar om innføring og vedlikehald av kvalitetssikringsystem (KSL, GlobalGAP) der spesifikke kundekrav er innarbeidd
- rettleiing i bruk av dokumentasjonsverktøy (GH-dok, Fruktklienten)
- loggføring for tilstand i hage
- beskrive kriterier for hausting/inntak
- styring av inntak/hausting
- rutinar for kontroll/tilbakemeldingar i pakkeri
- kontakt med kunde for justering/tilbakemelding
- kontakt med andre dyrkingsmiljø og forskingsmiljø for innhenting av ny kunnskap
- mindre prøvingar på eige initiativ eller i samarbeid med andre fagmiljø

Det er behov for at ein større del av det faglege arbeidet vert tilpassa nye krav til kvalitetssikring og dokumentasjon. Dette kan best gjerast gjennom ei nærare tilknytning til pakkeria. Me ønskjer å prøva ut ein ny modell der den faglege rettleiinga er nærare knytt til pakkeria, men likevel baserar seg på eksisterande strukturar innan rettleiingsapparatet.

4. TIDSPLAN

Prosjektet er planlagd over 3 år med slik framdrift:

- Januar 2010:
 - Etablere ei organisering som sikrar pakkeria sin innflytelse på ei ny stilling innan rettleiarapparatet i Sogn samtidig som ein samarbeidar godt med eksisterande miljø. Det må avklarast om prosjektet skal knyte tilsetjinga til NLR eller NNU eller vera tilsett ved eit av pakkeria.
- Februar/Mars 2010:
 - Utlysing og tilsetjing fagansvarleg.
- Mai 2010:
 - I samarbeid med pakkeria og andre fagmiljø prioritera og gjennomføra aktivitetar/oppgåver lista under pkt 3. Aktivitetar.
- November årleg:
 - Årleg evaluering og prioritering av oppgåver
- Desember årleg:
 - Årleg rapportering av aktivitetar
- September 2012:
 - Evaluering og sikring av varig finansiering av stilling som fagansvarleg for pakkeria i Sogn

5. ORGANISERING

Det er deltakande pakkeri som er prosjekteigarar. Lærdal Grønt er prosjektansvarleg og alle deltakande pakkeri utgjer prosjektstyret. Eksterne finansiørar er tenkt representert i styringsgruppa ved Torbjørn Takle, Fylkesmannen i S&Fj. Tilsett i prosjektet vil fungera som prosjektleiar. Fagansvarleg frukt og bær NLR sf deltek på møta i styringsgruppa for best mogleg samordning i fylket.

Den fagansvarlege er tenkt tilsett i NLR sf med kontorstad på Njøs frukt- og børsenter. Me sikrar då samarbeid med andre rettleiarar og er ei styrking av den totale rettleiingskapasiteten i regionen.

Deltakande pakkeri er:

- Balestrand Fruktlager
- Sognabær
- Vangsnes Fruktlager
- Fresvik Fruktlager
- Sognafrukt
- Luster Grønt
- Lærdal Grønt

6. BUDSJETT

Budsjettet omfattar lønnskostnader til ei stilling inkludert sosiale kostnader og reiser. Det er også sett av midlar til administrasjon av stillinga og husleige. Det er ikkje budsjettert med kostnadsdekning for deltakarane i styringsgruppa.

Kostnad	2010	2011	2012	2013	2014
Lønn inkl sos kost	560 000	580 000	600 000	620 000	640 000
Reiser	60 000	60 000	70 000	70 000	70 000
Adm/kontor	130 000	130 000	130 000	130 000	130 000
Sum	750 000	770 000	800 000	820 000	840 000

7. FINANSIERING

Finansiering er basert på eit spleiselag mellom fleire aktørar innan næringutvikling i Sogn og Fjordane og næringa sjølv. Prosjektet skal føra fram til ei meir permanent finansiering av fagleg rettleiing i regionen der dyrkarane gjennom pakkeria skal ta ein større del av kostnadane. Det er difor skissert finansiering over ein periode på fem år. Det vert kravd medlemskap i NLR av produsentane.

Det vert søkt om slik finansiering fordelt på år.

	2010	2011	2012	% 3år	2013	2015	Sum	% 5år
Innovasjon Norge	270 000	200 000	170 000	28 %			640 000	16 %
S&Fj Fylkeskommune	100 000	90 000	70 000	11 %			260 000	7 %
Fylkesmannen i S&Fj	100 000	90 000	70 000	11 %			260 000	7 %
NNU	30 000	30 000	30 000	4 %	30 000	30 000	150 000	4 %
NLR sf	80 000	80 000	150 000	13 %	300 000	300 000	910 000	23 %
Sogn Regionråd	60 000	60 000	60 000	8 %	60 000	60 000	300 000	8 %
Lærdal kommune	60 000	60 000	60 000	8 %	60 000	60 000	300 000	8 %
Pakkeria	50 000	160 000	190 000	17 %	370 000	390 000	1 160 000	29 %
Sum	750 000	770 000	800 000	100 %	820 000	840 000	3 980 000	100 %

Fordeling mellom pakkeria er etter omsetning grøntprodukt.

8. RISIKO OG EVNE TIL GJENNOMFØRING

Størst risiko ved prosjektet er knytt til at prosjektet ikkje klarar å få til avtale med kompetent fagperson. Dette må arbeidast med gjennom nettverk til heile fagmiljøet i regionen. Ei viss opplæring er mogeleg gjennom samarbeid med andre rettleiarar og utnytting av kompetansen ved pakkeria. Nokre av rettleiarane i regionen nærmar seg pensjonsalder, og det er særst viktig for kontinuitet og erfaringsoverføring at prosjektet kjem i gang no.

Prosjektet er avhengig av godt samarbeid mellom pakkeria. Dette er forsøkt sikra gjennom forankring i søknadsfasen og gjennom representasjon i styringsgruppa. Planlegging og prioritering av arbeidsoppgåver framfor kvar sesong skal redusera faren for konflikter.

Alle pakkeria er kjend med prosjektorganisering og har ved tidlegare høve vist seg kompetente til gjennomføring. Alle har god kontakt med anna fagmiljø og dei aktuelle deltakarane på finansieringssida.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/1387

Arkiv:

Saksnr.: Utval
17/10 Sogn regionråd

Møtedato
30.04.2010

Sak 17/10

Reisen til fjordens indre - skifilm frå Sogn

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Avtale med NRK
Synopsis for filmen
Hovudutval for næring, sak 10/964-3, møte 17. mars 2010

Saksutgreiing:

Det vert i hovudsak vist til saksutgreiinga som ligg ved frå fylkeskommunen, hovudutval for næring. Det vert og vist til ei kort presentasjon av prosjektet på rådet sitt møte 12.02, det vart då bestemt at saka skulle handsamast på neste møte 30. april.

Arbeidet med denne TV serien har gått føre seg frå 2009 og Flash studio har hatt næringsjef Olav Grov i Luster som lokal kontakt.

Finansieringsplanen for prosjektet ligg i saksutgreiinga til hovudutvalet. Manglande finansiering for søknaden til fylkeskommunen og Sogn regionråd er kr . 600 000. Det var søkt om kr 300 000 frå fylkeskommunen. Tilsegnen er på kr 150 000. i møtet 12. 02 vart det antyda ei søknad til rådet på inntil halvparten av det som det vart søkt om til fylkeskommunen kr 150 000. Visit Sognefjord har til saman løyvd kr 200 000 til serien, fordelt likt mellom 2009 og 2010.

Filminga er komen i gang og sekretariatet kan til møtet gjøre nærare greie for korleis prosjektet faktisk utviklar seg, men opplegget er slik vedlagde synopsis visar.

Vurderinga frå Visit Sognefjord og frå Olav Grov i Luster som har hatt kontakten med Flash studio om denne serien er positiv. Ein vil få presentert Sogn i en serie over 6 episodar på NRK og det er eit potensiale for at serien og kan visast i andre land. Det viser seg at seriar av denne type fangar merksemd hos mange og at dette kan føre til auka reiselivsaktivitet. Slik er dette eit bidrag til at Sogn og kan verta meir aktuelt som reisemål og på vinterstid/vårparten. Sesongutviding/aktivitet over heile året er eit av momenta i utkastet til regionrådet sin uttale til

den fylkeskommunale reiselivsplanen. Sesongutviding er eit moment som Visit Sognefjord legg særleg vekt på.


Det er ikkje avsett midlar til tiltaket på budsjettet for året, det er ikkje avsett nokon spesielt sum til reiselivstiltak. Støtte må takast frå rådet sine generelle midlar/RUP midlar. Rådet kan med dei midlar som er tilgjengeleg finansiera ei støtte som omsøkt.

På møtet 12.02 vart det drøfta moglege vilkår for støtte, dette gjekk på tilgang til eit utval stillsbilete for å kunne nytta desse i kommunane og Visit Sognefjord sin brosjyrar og presentasjonar samt ein kortare redigert video som og kan nyttast i denne samanheng. Det er føresetnaden at bilete og video berre kan nyttast av kommunane sjølve og dei selskap dei nyttar i sin marknadsføring.

REISEN TIL FJORDENS INDRE

Et actionfylt eventyr i Norges vakreste omgivelser

En båt full av ekstremsportutøvere og livsnytere er på vei innover Sognefjorden. Det legges store planer ombord. Mannskapet skal ut på sitt livs Eventyr. I Norges vildeste natur skal de strekke seg til det ytterste for å realisere sine drømmer.



Vi møter mannskapet som mønstrer på en båt i Bergen. En gruppe skikjørere og basehoppere med internasjonal erfaring. Med Lasse Kjus som ”gamlefar” i gjengen drar de avgårde med en blanding av ungdommelig overmot og solid rutine.

De når munningen av Sognefjorden og sanker delikatesser fra havet.

Trude er Sognejenta som har invitert gjengen til Sogn. Hun ønsker å vise dem den storslåtte naturen og de mange mulighetene. Det imponerende landskapet forandrer seg gradvis jo lengre de beveger seg innover fjorden. Fjellene blir brattere og dette åpner for radikale muligheter. De lar seg inspirere av historien fra en svunnen tid. Bragdene til ski og klatresportens pionerers danner et historisk bakteppe for våre helters reise innover fjorden.

Livet ombord preges av planlegging. Morgendagens aktiviteter krever sine forberedelser. Kart studeres og muligheter vurderes. Alle må delta i å skaffe råvarer til måltidene. Fisk og kjøtt skal på bordet. Det sosiale livet er preget av overskudd og humør. Men det er også tid til samtaler om risiko, frykt og mot. Dette blir naturlige temaer i en hverdag der marginene avgjør forskjellen mellom suksess og fiasko.

Trude sørger for at båten besøker flere historiske steder innover langs fjorden. Hun forteller om de gamle trehotellene og vertshusene som har huset konger og keisere. Den gang som nå var Sognefjorden det mest eksotiske man kunne forestille seg. Trude er fjellfører og guide. Hennes entusiasme er tuftet på kunnskap om fjellet og de mulighetene

som åpenbarer seg i den fantastiske naturen. Gjennom naturopplevelsene og den stadig mer ekstreme utfoldelsen aner vi den grad av fare disse menneskene er villige til å utsette seg for. Flere av skiturene og basehoppene krever svært mye av den enkelte. Selv gamle skihelter som Lasse må innrømme at frykten rir ham, når han står på toppen av en stupbratt fjellside. Lasse får en utfordring. Tør han å kjøre ned en stupbratt fjellside inne i Jostedalen? I såfall får han fjellet oppkallt etter seg. Den allsidige skikjører Anja akter å kjøre et fjell der hun vil oppnå lange svev over bratte kanter.

Karina står midt i midt i en prosess der hun trener seg tilbake til livet. Hun har skadet seg fatalt i en basehoppulykke. Hennes første mål var å kunne gå igjen. Nå er hun klar for nye utfordringer. Lengselen tilbake til naturen har vært der hele tiden, og hennes nyeste drøm er nå, for første gang etter ulykken, og stå på ski i deilig pudder.

De to unge jibberne PC og Fridtjof har internasjonal erfaring. De lever og ånder for denne blandingen av skihopping og akrobatikk. De planlegger å sette rekorder oppe i fjellsidene. De snakker mye om å utføre vågestykker som ingen har gjort før dem. Naturen blir stadig brattere og villere innover fjorden. Større fjell – større utfordringer. John Håvard stiller store krav til egne ferdigheter. Han har bestemt seg for å kjøre ned et fjell som ingen har kjørt før ham. Dette er et fjell som er så radikalt bratt at det høyst sannsynlig også bare blir med denne førstenedkjøringen.

På sin vei innover fjorden og opp i fjellene møter vi folk som har mye å fortelle. Historier om slit, bragder og menneskers kamp for å overleve i denne naturen. Hverdagen langs fjorden og oppe i fjellet var brutal. I tidligere tider fantes det ikke rom for sport og fornøyelser i dette landskapet. Alt handlet om å overleve stormen, skredet eller livet i det farlige vinterfjellet. Spesielt mye godt var det ikke å si om fjellene. De ble ansett som ”skremmende og hæslige”. Men så kom et knippe privilegerte menn og kvinner fra Christiania og utlandet innover fjorden og opp i fjellene. Klatresportens pionerer definerte dette landskapet som det vakreste og mest utfordrende man kunne forestille seg.

I pionerens ånd beveger våre helter seg lengre innover fjorden og opp i stadig brattere terreng. Utfordringene øker proporsjonalt med avstanden fra fjordmunningen. Vi befinner oss til slutt oppe i Hurrungane. På de majestetiske fjellene Store Ringstind og Austbotntind skal Tom Erik og Espen utføre spektakulære basehopp som aldri noen har våget seg på. Samtidig har PC og Fridtjof bygget et monsterhopp oppe i fjellet, hvor PC forsøker å sette verdensrekord med en trippel backspin backflip.

Inne ved Turtagrø har Trude og Karina beveget seg oppover i Ringdalen. Trude ønsker å vise Karina den vakreste delen av Jotunheimen. Deres plan er å møte basehopperne Tom Erik og Espen oppe på toppen av fjellet Ringstind. Karina skal nå få utfordre seg selv, og en meget følelsesladd gjeng står og følger Karina på vei tilbake til ekstremsportens verden, når hun med flotte svinger jobber seg ned fra Ringstind.



Flash Studio AS
Sindre Kinnerød
Eyvind Lyches vei 13 b
N-1338 SANDVIKA

Postadresse: 0340 Oslo
Besøksadresse: Bj. Bjørnsons plass 1
Sentralbord: 23 04 70 00
Telefaks: 23 04 78 80

Norsk rikskringkasting as
Foretaksreg.: NO976 390 512 MVA

www.nrk.no/eksternproduksjon

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Org.nr.: 991 785 868

17. november 2009

Letter of Commitment– betinget avtale - En reise til fjordens indre

Prosjekt: En reise til fjordens indre, 6 x 30 minutter
Produsert av: Flash Studio AS
Produsent: Sindre Kinnerød

Under forutsetning av at vilkårene i punktene nedenfor er oppfylt og at partene blir enige om endelig avtale, er Norsk rikskringkasting AS (NRK) forpliktet til å delta med kr 2 100 000,- i Prosjektet. Beløpet består av et visningsvederlag på kr 150 000,- samt et produksjonsbidrag på kr 1 950 000,-.

- Produksjonen skal baseres på prosjektbeskrivelse, synopsis, budsjett og finansieringsplan oversendt NRK per epost. Vesentlige endringer i produksjonsforutsetningene kan ikke skje uten forhåndsgodkjennelse fra NRK.
- Produsenten må dokumentere at prosjektet er fullfinansiert iht godkjent kalkyle og finansieringsplan. Dokumentasjon på finansieringen skal foreligge senest 1.2.2010. NRK skal gi tilbakemelding innen 30 dager etter at slik dokumentasjon faktisk er mottatt.
- Prosjektet kan ikke finansieres eller gjennomføres på en slik måte at det er i strid med NRKs sponsorbestemmelser eller øvrige bestemmelser for innkjøp av programmer, herunder tekniske bestemmelser for programleveranse.
- NRK erverver eksklusiv visningsrett i Norge i en lisensperiode på 7 år med rett til 7 visninger i lisensperioden. NRK erverver videre rett til å tilgjengeliggjøre Prosjektet, herunder men ikke begrenset til streaming og podcast, på internett eller over tilsvarende nett i inntil 30 dager i forbindelse med at programmet sendes på NRKs fjernsynskanaler. NRK skal også kunne tilby produksjonen vederlagsfritt til Nordvisjonen.
- Avtalen vil ikke innebære noen sendeforpliktelse for NRK, men gir NRK visningsrett til programmet.

- NRK forbeholder seg retten til redaksjonelt å vurdere programmet før sending for å sikre seg at det tilfredsstillter NRKs krav.
- Produsenten skal ha førsterett til å forvalte sekundærrettighetene til Prosjektet på vegne av partene.
- NRK forutsetter å ha en andel av inntektene fra sekundærutnyttelse. Denne andelen skal være proporsjonal med NRKs andel av prosjektets totale finansiering, begrenset oppad til 65% av inntektene. Vederlag for visningsrett vil ikke inngå i beregningen av NRKs rett til sekundærutnyttelse.

NRKs forpliktelser etter dette Letter of Commitment er gyldig frem til 1.2.2010 og utløper da uten ytterligere varsel fra NRK.

Avtalen er utformet i 2 - to - eksemplarer, hvorav Partene har fått hvert sitt. Avtalen skal signeres av begge parter.

Dato,

Dato,

Norsk rikskringkasting AS

Flash Studio AS